


Målmannen



Norske ord!

Av Olav Nygard

Norske ord!

De som enno løyneleg gror
over alle vidanvangar
i mitt fedreland og fangar
glans og kraft av sol og jord,
blod i barm som bær i berg,
eld or Norigs folkemerg;
de tarv ingor natt meir fæle, -
dykk me vil den høgste sæle -
dykk skal ånd gje' munn og mæle!
Meir og meir!
Sjå det trengst at fleir' og fleir'
no i både by og dalar
ikkje lenger skriv og talar
berre um og for det norske -
nei, - men av og på det norske!
Heitt oss djupt i bringa brenn
uforløyste lengslur enn:
visst hev Norig eld å nøre,
strid å reise, sak å føre!
Vere gull på tavl-bord,
gjere jarteigns verk på jord, -
lyse enn med glans av nord -
norske ord!

Med meir um desse sakene:

Islenske ættesogor i ei politisk oppvakning

Høgreradikal historie frå Tyskland

Evolusjon og etnisitet

15 år med Målmannen

I dette nummeret:

Megan Leo	Folkedrakt og tradisjon	s. 2
Torheim/Eggum	Upplevingar som vekker tjodlynnnet	s. 3
Olav Torheim	Målmannen i 15 år	s. 3
Olav Torheim	Fram for høgnorsken!	s. 4
Ornella Winter	Brainwash og Bound For Glory samla på same skiva	s. 6
Olav Torheim	Rammund med nynorsk hardrock på Garage	s. 7
Ornella Winter	Blutlinie - "Tag der Abrechnung"	s. 7
Olav Torheim	Nei til sentraliseringsregionen. Ja til Sogn og Fjordane.	s. 8
Olav Torheim	Skal Sogn og Fjordane attende til dansketidi?	s. 9
Bjarte Rundereim	Vestlandsregionen og målsaka	s. 10
Olav Torheim	Demokratisk målstrid på Vestlandet, ja takk!	s. 11
Ådne Øsleby	Dei islenske ættesogone	s. 12
Stig Andresen	Henry D. Thoreau og "Livet i skogane"	s. 15
Olav Torheim	Michael Kühnen: Tru, kamp og død	s. 16
Peter Schreiner	"Pass på at det ikkje vert slik i dykkar land som i vårt!"	s. 20
Siv-Kari Hjelmås	Åleine mot alle	s. 21
Ole Peter Galaasen	Med høgnorsk som våpen	s. 22
Redaksjonen	2002: Vellukka årsmøte i Vestlandske Mållag	s. 25
Olav Torheim	2012: Nasjonaldemokratisk rock'n'roll i Rheinland-Pfalz	s. 26
Olav Torheim	2013: Musikk og politikk i Nord-Italia	s. 27
Alex Kurtagic	-Kvifor eg skriv	s. 29
Frodi Midjord	Evolusjon/åtfærd: Ein moderne klassikar kjem ut på svensk	s. 30

Folkedrakt og tradisjon

Av Megan Leo

I Noreg er det svært populært å gå med bunad. Til fest, til brudlaup og ikkje minst på 17. mai er det vorte tradisjon å gå bunadskledd. Dei fleste damor og etter måten mange menn i Noreg hev eller ynskjer seg ein bunad framfor andre slags klede. Ofte er bunaden det dyraste og mest kostesame som ein eig, i all fall det mest verdfulle plagget.

Mange av dei moderne bunadene er berre laust tufta på tradisjonelle plagg. Bunad i seg sjølv er i grunnen ei moderne ovring, og ordet bunad er nytta på folkedrakter som skulde nyttast til folkedans og som er vortne rekonstruerte etter lokale historiske mynster. Men ordet kann me finna att i det gamle norrøne ordet "búnaðr" med. "Búnaðr" heiter til å fyrebu seg - i sine beste og finaste klede.

"Nasjonaldrakti"

Hardangerbunad vart nytta som ei slags nasjonaldrakt fram til byrjingi på 1900-talet. Under nasjonalromantikken var det ein sterk vilje å få fram det nasjonalistiske og sermerkt norske. Sidan hardangerbunaden hadde vorte nytta i lang tid og aldri hadde gjenge ut or bruk, so var det eit logisk val å nytta seg av denne.

Dei målarstykki ein ser frå den nasjonalromantiske bolken i den norske kunstsoga, dei syner ofte bondedamer i hardangerbunad - med eit sterkt landskapsbilæte attum seg.

Arbeidet hennar Hulda Garborg

Hulda Garborg er kjend av dei verkelege bunad-afficiandos, men ho hadde eit spanande



Brudedrakter frå Hardanger på 1800-talet.

liv elles. Ho flutte til Oslo (Christiania) og vilde verta skodespelar, men i staden laut ho arbeida i butikk. Ho skreiv dikt og var politisk interessert. Ho var gift med Arne Garborg.

Sidan ho var so forviti etter folkedans, so tok ho til å laga eigne folkedrakter som skulde vera lette å dansa i. Desse snitti, broderii og mynsteri var inspirerte av gamaldagse folkedrakter som ho hadde sett i bøker. Hulda Garborg makta å utarbeida og utvida gamle mynster som ymsa frå stad til stad. Det er kreativiteten hennar som me hev å takka for det

som seinare vart til mange av dei moderne bunadene.

Frå bonde- til bunads-kultur

Det var mange skodespelarar som vart knytte til Hulda Garborg og til det arbeidet ho gjorde i Det Norske Teatret. Desse skodespelarane tok til å nytta dei nye bondedraktene hennar i nasjonalromantiske verk - og for å syna ei særskild norsk utstråling.

Ein kann soleides slå fast at det var ein liten kulturell og akademisk elite som stabla dei fyrste bunadene på føtene. Det store folkelege gjennomslaget for bunaden kom fyrst seinare - på 1930-talet.

Med den tyske okkupasjonen under andre heimskrigen vart bunaden til eit slags motstandssymbol, samstundes som det "nasjonale" perspektivet vart utvida.

I dag

Jamvel um ein kann slå fast at dei fleste bunadene er av nyare dato, so vekkjer desse plaggi ein atterklang i oss. Hulda Garborg og andre bunadspionerar grov seg ned i dei gamle norske klestradisjonane medan desse enno var i live, og bunadene deira er handfaste resultat av den skaparkrafti som dei fekk av å lata seg initiere inn i desse.

I dag er det soleides mange som gler seg til 17. mai, til konfirmasjon, til brudlaup og andre høgtider der dei kann kle seg i bunad. Slik kann dei få kjenna seg fine, og kanskje særskilt norske eller nordiske.



Par i nordfjordbunad i våre dagar.

**Hugsa bladpengane!
Giro er stifta inn i bladet.**

Upplavingar som vekker tjodlynnet

Av Olav Torheim og Martin Eggum

Det bladet du hev millom hendene er som vanlegt fylt med artiklar um språk, politikk, saga, musikk og litteratur. Kva er den rauda tråden, kann sume kanskje undra seg. Kvifor nytta fyrre nummeret so mykje spalteplass på platemeldingar frå ymse slags ikkje-kommersiell metallmusikk, og det etterfylgt av ei konsertmelding frå ein kyrkjekonsert?

Gode argument er viktugt, og me stend kva tid som helst reiduge til å taka ein diskusjon - men når det kjem til verdispørsmål er det som regel upplavingar og ikkje argument som yvertyder folk. Argumentasjon er gjerne noko ein leitar etter etterpå - for å underbygga det ein meiner frå fyr av.

Korleis skal det gå med nynorsken etter regionreformi? Det spelar berre ei rolla dersom ein sjølv uppliver norsk mål som noko viktugt.

Kjem masseinnvandringi til å gjera nordmenn til minoritet i eige land? Det spelar berre ei rolla dersom ein hev eit grunnleggjande ynske um å taka vare på norsk identitet og eigenart.

Og dette merkar du snøgt på folk når ein hamnar i diskusjonar: Kva slags folk kann ein nå inn til og på kven prellar alt av?

Som Ådne Øsleby er inne på i artikkelen sin um dei islenske ættesogone, so trur me ein kann slå fast at det finst noko slikt som ei norsk folkeånd.

For det er rart med det:

Um ein høyrer på Bathory, gjeng på ein kyrkjekonsert, fer ut med båten når det blæs, gjeng ut i skogen og høgg ved, les i Egilssoga eller gjeng på ein politisk demonstrasjon - so er det for mange av oss dei same kjenslone som vaknar til live. Det er noko som grip oss og tek oss med.

Og desse kjenslone set samstundes eit tydelegt skilje:

For det er langt in frå all metallmusikk som er eigna til å gripa oss, snarare tvert imot.

Og dei fleste som er aktive i den norske kyrkja er godmenneske som vil ha opne grensor og homoekteskap.

Og når me fyrst er inne på det siste, so vil me mykje helder ha nasjonalsinna homofile enn me vil ha politisk korrekte heterofile.

Kva slags upplavingar fær deg til å kjenna på kallet frå forfedrane?

God lesnad!

15 år med Målmannen - eit attendeblick

Av Olav Torheim

I år er det 15 år sidan Målmannen såg dagsens ljøs, og det kann vera tid for å sjå seg litt attende.

Målmannen vart grunnlagt i 2002 av Olav Torheim, med Klaus Johan Myrvoll og Lars Bjarne Marøy som dei sentrale støtte-spelarane. Målmannen hev sidan den gongen vorte til det einaste målbladet som stend på utsida av det statsfinansierte Noregs Mållag.

Um ein skal forstå saga åt Målmannen, so er det greidt å ta eit blick attende på stoda i målrørsla den gongen bladet kom. Då den unge Målmannen-redaktøren vart aktiv i målrørsla, so hadde Norsk Målungdom nyss skipa til Aasen-konferanse (1996) og dei var i gong med landsfemnande lærebokaksjonar (1997). Dette gav store medieuppslag. Det ideologiske nivået var høgt og folkerørsl-tanken stod framleis sterkt.

I dag er det ingen lenger som snakkar um Norsk Målungdom i ålmenta, og politisk og ideologisk hev dei inkje å melda. Når det gjeld Mållaget, so er det nett dei som svivyrdslegt tala um "lobbybyråkratar" som sit i fulltidsstillingar på skivarstova og skal samla medlemmer med smarte SMS-innmeldingskampanjar.

Målmannen hev på si sida gjenge frå å vera eit outsider-organ til å verta eit blad som vert lese av offentlege debattantar og avgjerdstakarar. Me ser at me vert hørde, for argumentasjonen vår dukkar upp att i offentlege ordskifte.

I grunnen kann saga åt Målmannen kløyvast upp i tri hovudbolkar:

2002-2004: Reindyrka språk- og kulturtid-skrift

I den fyrste bolken, frå oppstarten i 2002 og fram til våren 2004, so var Målmannen tenkt

som eit framhald av bladet Vestmannen. Me skulde vera det bladet som me opphavlegt vilde gjera Vestmannen til, men som me ikkje lenger fekk høve til å gje ut. Me ynskte at den ungdomlege rørsla kring Ivar Aasen-Sambandet og Vestlandske Mållag skulde ha eit eige språk- og kulturpolitisk organ å stå ut med.

Målaktivistane attum Målmannen hadde til intensjon å byggja upp ei sjølvstendig høgnorskrørsla - fullstendig ubundi frå agendaen åt Noregs Mållag og Norsk Målungdom. Her låg kimen til ei kløyving, sidan mange aktivistar hadde dubbel lojalitet - og med avsløringane av medlemsjuksset i Norsk Målungdom so var konfrontasjonen ikkje til å koma i frå.

Medan me i 2002 sat med ein tolleget stor organisasjon, men ikkje noko organ å stå ut med, so var stoda frå hausten 2004 av den motsette: Me var ute or alt organisert målstrev, men sat att med eit tidskrift.

2005-2009: Høgrepopulisme på høgnorsk

I 2005 stod Målmannen-redaksjonen ved eit vegskilje. Sume vilde halda fram den reindyrka språk- og kulturprofilen og fungera som eit slags "korrektiv til Noregs Mållag", andre konstaterte at me etter medlemsjuksavsløringane ikkje berre var vortne persona non grata i Noregs Mållag og Norsk Målungdom, men i heile spekteret av lag og organisasjonar som dette miljøet hadde band til. Fleirtalet i redaksjonen ynskte difor å stramma upp profilen åt bladet og aktivt appellera til personar og miljø som stod utanfor den organiserte målrørsla - og som ikkje delte den vinstreliberale agendaen åt dei leidande kreftene i målrørsla.

I tidi som fylgde tok Målmannen aktivt til å knyta til seg skribentar med kritisk

syn på til dømes innvandring og islam.

2011-: Den tredje vegen

Sumaren 2009 legg Målmannen-redaktør Torheim heile Målmannen på is for å kunna fullføra doktorgradstudia sine. Men det er ikkje berre dårleg tid som er årsak til avbrotet, det er like mykje ein murrande tvil. Med tid og stunder er redaktøren komen fram til at heile bladet stend på ein politisk sandgrunn:

Det er ikkje nok å vera politisk ukorrekt, um ein skal fremja umstridde synsmåtar so er det dimeir viktugt med truverde og fagleg tyngd.

Målmannen hadde fridd til høgresida i Noreg, men det er ei høgresida utan anna ideologisk grunnlag enn dvask liberalisme. For Målmannen hadde interessene og lojaliteten heile tidi lege hjå Noreg og norsk kultur, og soleides vert det på eit visst tidspunkt klårt at ein hadde med krefter å gjera som det ikkje lenger var grunn til å jatta med.

Når Målmannen kjem i gong att i 2011, so hev bladet endelegt funne den formi som det hev havt sidan.

Målmannen byrjar å umsetja og umtala alternative tenkjarar som ikkje hev fenge innpass i den norskspråklege verdi, til dømes frå det franske nye høgre.

Me byrjar å rapportera frå markeringar ute i Europa som er viktuge for hundratusundtals menneske, men som ikkje slepp igjennom "sensuren".

Me ynskjer å syna fram at det finst ein annan røyndomen der ute enn den som høver inn i ein tross norsk konsensus - og andre perspektiv enn dei som høver inn i ein falsk dikotomi millom "høgre" og "vinstre".

Målfolk må tola å høyra det, dei med.

Målmannen

Utgjevar:

Samorganet Målmannen

Tilskrift:

Målmannen
Postboks 599 Sentrum
5806 Bergen

Bladstyrar:

Olav Torheim

Epost: olaveth@gmail.com

Tlf: 99156428

Skype: fivreltd25

Netstad:

<http://maalmannen.no>

Bladpengar kr 150,-
Bankgiro 2291 14 45666

Målmannen fylgjer redaktør-plakaten!

Fram for høgnorsken!

Av Olav Torheim

Seinhaustes 1998 var høgnorskordskiftet uppe i stjorni åt Norsk Målungdom. På landsstyremøte i NMU 28. november heldt Olav Torheim eit fyredrag um høgnorskysynet der han gjekk i rette med rådande fordomar i målrørsla. Diverre er det meste av kritikken like gyldig i dag, og me hev difor valt å prenta upp att dette snart 20 år gamle fyredraget..

Mykje av den argumentasjonen målfolk hev nytta seg av hev vore basert på målpolitiske fordomar frå samnorsktidi. Døme på dette treng ein ikkje leita lenge etter. I eit ikkje so altfor gamalt flogskrift frå NMU spyrr målungdomen um "Kvifor heiter det dronningen når du seier dronninga?" Flogskriftet er mangfelda i tusundtals næme og spreidd til skuleelevar yver heile landet.

Men som Kåre Willoch vilde ha sagt det, "spørsmålet er feil stilt". For det er slett ikkje alle stader det heiter "dronninga", på Sunnmøre der eg kjem frå segjer me "dronningja", andre stader kann det heita det dronningi, dronninge, dronningo eller for den saks skuld dronningen. Når me inkorporerer målpolitisk medvitsløysa i vår eigen argumentasjon er me komne ut og køyra.

Ei offensiv målrørsla tarv ein klår og gjennomtenkt ideologi. Og det er grunnen til at eg er vorten høgnorskmann. Høgnorsk målber eit klårt brot med målblandingslina og synet på målstoda i Noreg som eit praktisk problem. Upp mot bokmålsveldet og anglonorsken set me det greide norske merket: Å få råda oss sjølve i målvegen.

Det som legitimerar målstriden er nett motsetnaden millom halvnerskt og heilnerskt som tvo kvalitativt ulike storleikar. Slik stoda er no er det ikkje lenger godt å segja kva som er kva. Dersom bokmål er "norsk dansk" (i eitt ord), er det beste me kann kalla offisiell nynorsk for "dansk norsk".

“Moderne nynorsk”: Eit skjult maktspråk mot norske målføre

Noko målrørsla ofta hev skuva under teppet med dialektargumentasjonen sin er bokmålet sitt daningsideal. I kraft av den rådrike stoda si hev norskdansken lagt premissane for kva tankar nordmenn gjer seg um mål. Men det norskdanske daningsidealet segjer ikkje sanningi um målstoda i landet. Me ansar ikkje på at me gjev oss under eit mål som er halvt dansk. Det vert unaturlegt å nytta sernorske ord som foreldri og besteforeldri dine nyttar, men lett å taka etter tala og skrive bokmål, slik det ovrar seg i radio og fjernsjå.

I nynorske kjerneumråde, er dagsens bokmålsiblanda nynorsk, til liks med bokmål, vorten eit løynt maktspråk som drep ned sernorske målmerke i målføri. Det merkar eg godt



“Ei offensiv målrørsla tarv ein klår og gjennomtenkt ideologi. Og det er grunnen til at eg er vorten høgnorskmann.”

frå min eigen heimstad, der dei høgnorske i-formene vert svivyrde samstundes som det naturlege skiljet millom sterke og linne hokynsord i voldamålet vert brote ned utan at nokon gjev gaum på det. Sjølv sagt ikkje, for dei hev ikkje noko skriftmål å kjenna seg att i.

Skal ein kunna halda på målet sitt, tarv ein kunnskap. Det er då nett difor det er dialektundervisning i skulen.

Beste nynorsk-argumenti vart burte med rettskrivingsreformene i 1938 og 1959

Med målbrigdi i nynorskt 1917, 1938, 1959 og tidi etter vart ord, serreglar og former tekne ein-skildvis. Nynorsknormalen vart lagt etter bokmålsnormi. Det var ikkje lenger nokon indre systematikk eller grammatikalsk logikk å stydja seg til. Det er noko av årsaki til at skuleelevar tykkjer nynorsk er vandt å læra.

Høgnorsk derimot byggjer på det same typeformprinsippet som Ivar Aasen lagde til grunn. Det er mest konsekvent og gjev valfridom i uttale. Eg skal gjeva nokre døme.

Ordi um, dum, upp, humle, fumle og sumle vert uttala likt, men er etter 1938 vorte skrivne "om", "dum", "opp", "humle", "fomle" og "somle". Motsett er det med ordi kopp og upp som vert uttala ulikt (som regel "kåpp" og "opp"), men i dag skrivne "kopp" og "opp".

Verbi å segja og å bøygja skriv ein no utan g i artikkel og presens(seia-seier og bøya-bøyer), endå det gjer det uråd å skynda kvifor det skal vera g i presens partisipp (hev sagt og hev bøygt). På same måten er det vorte med verbet

å sløgja. Der er òg j'en bytt ut med ein y ("sløya") slik at ein ikkje lenger ser at det skal uttalast ulikt bøygja ("bøya").

Eg kunde òg nemna korleides rettskrivingsnemndene hev fare åt med det som i gamalnorskt heitte stungen d. Substantivi tid og lid eller adjektivi aud og snaud vert i alle norske målføre uttala konsekvent med d eller konsekvent utan d i alle desse ordi. Med dagsens rettskriving skreiv ein framleides tid med d, men lid utan d. Sameleides med aud og snaud. Enno heiter det aud og å øyda, men "snau" og "å snøya".

Høgnorsken hev solid dialektgrunnlag i heile Noreg

Det er ikkje rett å hævda at det høgnorske i-målet ikkje hev "talemålsgrunnlag". Attåt dei "reine" i-endingane i Hallingdal og Sogn finst skiljet millom sterke og linne hokynsord i dei fleste norske målføri. Dei tvo ordi som på høgnorskt vert heitande "gjenta" og "boki" kallar dei heime i Volda på Sunnmøre for "gjentå" og "bokja" eller i Mosjøen for "gjento" og "bokje".

Nordfjord er ein av dei få stadene på Vestlandet der dette vokalskiljet ikkje finst, men der vert det palatalisering av sterke hokynsord som sluttar på g eller k, som "bokja" (boki) eller "saja" (sagi). Dette målmerket med høg dagens nynorsk tvert yver.

Ikkje ein gong trøndarane slepp undan i-målet. I Trondheim heiter det rett nok jenta og boka i eintal, men i fleirtal vert dette til "gjentan" (gjentone) og "bøken" (bøkene).

Op på Austlandet hev i'en gøynt seg burt i supinumsendingane, med former som "har finni" og "har skrivi". Dagens rettskriving er med andre ord monalegt vokalfatigare enn dei fleste målføri han skal byggja på. Det finst helder ikkje eit einaste målføre med både a-infinitiv og konsekvent a-ending i hokynsord, slik det er vanlegt å skriva i nynorsk no for tidi.

Myten um dei vitkræmde målbrukarane

So spyrrst det um em skræmer folk burt med den "ekstreme" målføringi vår? Eg trur dette synspunktet botnar i målpolitiske fordomar. I praksis syner det seg at målfolk hengjer seg upp i i-målet og andre sidor ved formverket medan bokmålsbrukarar bisnar på dei nynorskordi dei ikkje skynar.

Me er vortne altfor rædde for å hævda nynorsk som eige alternativ. Fåren for å verta sedde på som fundamentalistar og ekstremistar er størst innanfor målrørsla, hjå folk flest er me berre irriterande små mygg dei helst vil vifta burt.

Lat oss reisa ideali

NMU segjer dei ynskjer konsolidering. Men kva skal det konsoliderast på? 38? 59? 86? "Nynorsk slik han er i dag"? Den nynorsken finst ikkje. I våre dagar er det kvar mann, sin nynorsk. Einast idealet um eit reint og vyrdsla norskt mål er godt nok, skal me samla folket. Som eit alternativ hev NMU lansera NMU-normalen til intern bruk. Snaudt ingen NMU'arar maktar nytta honom, det ser me av bladstycki i Motmæle og Lagsposten. Og aldri hev nokon vore i stand til å gjera greide for normering-sprinsippi som ligg til grunn.

Norsk Målungdom i dag tek ikkje konsekvensen av sin eigen "nasjonale" retorikk. Dagens nynorsk er meir eit "alternativt bokmål" enn eit rettelegt alternativ til bokmålet. Tek me ikkje ei oppgjerd med etterslæpet av ei skakk-køyrd og avnorska rettskriving, er retorikken mot samnorsk rimelegt hol.

Me bit ikkje på svallet um at "det hev vore ei utvikling". Utvikling vil det vera kor som er. Spursmålet er kven som skal styra denne utviklingi og i kva for leid. Det er altfor lett å kamuflera seg med utviklingsordet. Det kunde vera eit stig i rette leidi å helder nytta nemningane framvokster eller tilskeiving. Det er gode norske ord som kann fortelja oss kvar det berst. Alle som hev havt sin eigen bil veit at denne bilen treng stell og vøling med jamne millomrom, elles vil den "naturlege utviklingi" leida til at han gjeng sund eller rustar upp. Dette er so sjølvsgat at det vert nesten pinleg å nemna det. Men på same måten er det med målet, det må røktast og dyrkast det og.

Svermeri og sentimentalitet, nei takk!

Tidt hev eg fenge høyra at det viktugaste ikkje er norsksdomen i målet, men dei "verdiane"

nynorsken og målrørsla lyfter fram. Kor som er so meiner eg at nynorsken må vera noko meir enn berre eit symbol. Han må ha eit røyntleg innhald, skal han ha livsens rett.

Kunde ein til dømes tenkja seg at Indremisjonen brått fann ut at det ikkje fanst nokon Gud, men likevel heldt fram å forkynna av di nytestamentet visst skulde innehalda "ein eksplosiv nestekjærleiksbodskap"? Nei, skulde den kristne bodskapen fyrst syna seg å berre vera eit eventyr, vert det ikkje noko betre um det var eit fint eventyr.

Det lyt vera grunnlag for argumentasjonen.

Det norske kann definerast objektivt

Du tykkjer kanskje at eg gjer dette med norskt til eit trylleord? Dei færraste nordmenn er gjort seg upp nokor serskild meining um kva som er norskt. Trulegt kjem ein til å få høyra noko slikt som at alt lyt kunna kallast norskt so snart det er kome innanfor grensone åt staten Noreg. Med mindre dei då er komne yver eit bladstycke av Thomas Hylland Eriksen som "provar" at i grunnen finst visst ikkje det norske

i det heile.

Når me talar um nynorsk som betre norsk enn bokmålet, er det av di nynorsken gjev koninuitet attyver i saga, attende til norrønt. Og det var dette klassikarane Aasen, Garborg og Indrebø freista å banka inn: Bokmålet, norsk-dansken, er ikkje eit fullnøgjande norskt mål og kann helder aldri verta det. Og likeins vert det med samnorsk og andre "kompomissløyningar"!

Målrørsla ved eit vegskilje

Skal me då grunnfesta bokmålsveldet i nynorsken, kutta bandi med vår eigen tradisjon og gjeva etter for fordomar (som råkar nynorsk generelt)?

Eller skal me standa faste på Aasens grunn og taka striden for eit reint norskt mål?

Dette er dette valet målfolket i våre dagar stend fyre. Og kjem me ikkje snart med eit klårt svar, kann det snøggst syna seg at heile spursmålet var burtkasta.

Olav Torheim sat i Norsk Målungdom sitt landsstyre frå 1998 til 2001.

DET KOSTAR Å GJE UT BLAD!

Me vil ikkje at det skal stå på økonomien for dei som vil lesa Målmannen. Difor er bladpengane på det same låge nivået no som dei var i 2002: 150 kr i året.

Like fullt so vil me oppmoda dei som kann til å gjeva bladet ei liti eller stor gåva. Målmannen fær ingen økonomisk studnad frå staten eller frå andre pengesterke krefter i samfundet.

Økonomien vår er stram - og um bladet skal bera seg eller ikkje, det stend på lesarane åleine.

Kontonummer 2291.14.45666...

Brainwash og Bound for Glory samla på same skiva

Av Ornella Winter

Mest 4 år hev gjenge sidan Brainwash kom med den siste plata si, «Time to Act» – og me er mange som hev venta i spaining på den neste utgjevingi for dette tyske flaggskipet innanfor nasjonalsinna hardkjerne-rock. No er Brainwash attende, ikkje med ein fullengdar, men med ei split-skiva saman med amerikanske Bound For Glory. I desse Trump-tider er det kanskje ikkje so dumt?

Plata byrjar med ein intro der thrash-fylde gitarriff riv og slit i lydaren medan ymse slags nyhendemeldingar vert lesne upp i bakgrunnen: Asylinvasjon i Europa, undantakstilstand i Frankrike, demonstrasjonar i Tyskland... «This is Brainwash 2016», proklamerar vokalisten til slutt. Dinæst gjeng det beinveges vidare til det som ein må kunna kalla for programlåti deira, «Defend our Europe». Her vert lydarane oppmoda til å kjempa for eit sterkt Europa.

Heile sju låtar kjem Brainwash med, og helder ikkje denne gongen er det ei einaste dårleg låt. Både komposisjon og produksjon er framifrå. Jamført med «Time to Act», so merkar ein seg at det både er kontinuitet og nyskaping på ein gong. Låtane i «Time to Act» hadde ein fin balanse millom aggressive og melodiose innslag, og her er det likeins – burtsett frå at det brutale er vorte endå meir brutalt og dei melodiose innslagi endå meir samansette.

Sumtid kjenner det seg som ein retur attende den røffe og groove-fylde komposisjonen i «Moment of Truth» – og i neste augneblinken kjem ein til melodiest og kjensledrypande refreng som lyder som um dei var henta rett ut or eitt av albumi åt danske «In Flames» eller kanskje finske «Children of Bodom».

Det er intelligente riff som både kjem krypande og rullande, og der heile blueskalaen kjem til sin rett. Det er breakdowns og det er gangshouts um einannan. Og vokalisten Major Williams hev som vanlegt ingenting imot å skrika bodskapen sin inn i øyra på lydaren. Samstundes er melodiest gitarsolospel og tempovekslingar er med på å roa nervane åt lydane. Til dømes med «Flame of Purity», som er endå ei motivasjonslåti til kamp for alt det som er vent og verdfullt.

Det er politiske og musikalske knyttnevar som Brainwash kjem med. Endå so fulle av liv og energi som tekstene og



Tysk-amerikansk musikk-samarbeid. I desse Trump-tider kanskje ikkje so dumt?

musikken skulde vera, so kjenner ein at det ligg noko tungt og fjellstøtt under. Dette er musikk drive fram av klare verd-såskodande fyrestellingar, trur eg ein trygt kann slå fast.

Bound for Glory hev eg aldri høyrert serleg på, og det er soleides ikkje so lett for meg å vurdera låtane deira upp mot det som dei elles hev drive med i meir enn eit tjugetals år no. Etter det eg hev høyrte um dei so hev dei ein bakgrunn som ikkje akkurat er politisk korrekt, men kven bryr seg vel um det? Under alle umstende so kjem dei med det ein kann kalla for ein melodios heavy-rock av det amerikanske eller britiske slaget, ikkje so ulikt Iron Maiden. Vokalisten hev ei kraftfull røyst som han veit å utnytta til fullnads. Etter å ha vore igjennom den emosjonale berg- og dalbanen som det var å koma seg igjennom sju Brainwash-låtar, so er framhaldet med Bound For Glory rettelegt avslappande.

Den fyrste songen deira heiter «Sleeping Giant». Det skal noko til å vekkja ei kjempa, men når ho fyrst vaknar upp so kjem ho til å rydja upp skikkelegt, vert det fortalt. «They'll be

held to pay when the giant awakes». Kven denne sovande kjempa er vert det upp til lydaren å tenkja ut sjølv. Rytmen og riffingi gjev kjensla av å rida som ein cowboy burtetter den amerikanske prærien, på jakt etter hestetjuvar og andre kjeltringar av både det gamle og nye slaget.

Alt medrekna so kann ein slå fast at «Day of Victory» hev vore eit vellukka tysk-amerikansk samarbeid. Denne plata kjem til å snurra i bilstereo en ei god stund.



Rammsund med nynorsk hardrock på Garage

Av Olav Torheim

Oslo-baserte Rammsund framfører Rammstein-låtar i nynorsk språkdrakt, og fredag 10. februar stod dei på scena i ein fullsett Garage-kjellar i Bergen. Humørfylt hardrock, kann ein vel kalla det.

Fyrste gongen eg høyrde Rammstein var då eg såg «Lost Highway» på Volda Filmteater i 1995. Det var både fascinerande og forvirrande med ein slags elektro-industriell metallmusikk som ein ikkje heilt visste kva slags bås han kunde puttast i, men sidan den gongen hev Rammstein gjeve namn til ein eigen musikkgenre som er vorten kalla for «Neue Deutsche Härte».

Tyske Rammstein hev henta namnet sitt frå ein amerikansk fly- og militærbase i Rheinland-Pfalz. I 1988 enda ei flyoppvising på Ramstein Air Base i katastrofe i det tri fly kolliderte i lufti og styrta ned i ei menneskemengd. 70 menneske miste livet og kring 1000 vart skadde. Det er elles verdt å merka seg at det er på Ramstein Air Base at USA hev lagra helvten av eit sekstitals atomvåpen som framleis er stasjonerte på tysk jord, og som Uncle Sam enno ikkje hev nokon planar um å pakka ned og ta med seg heim (snarare tvert imot, diverre).

Når det norske Rammsund hentar namnet sitt frå ein marinebase i Harstad, høyrer det soleides med til freistnaden på å byggja eit norskrøtt Rammstein. For her er det fritt etter Rammstein både når det kjem til tekster og melodi. Til dømes er Rammsund-låti «Ich will» vorte til «Eg vil» – og den tyskkunnige



tilhøyraren kann stå og trippa til den drivande hardrocken medan han humrar yver den bokstavelege umsetjingi. For «Ich will» skulde visseleg helder ha vorte umsett til «Eg ynskjer»...

Det er løgje i seg sjølv når nokre austlendingar skal umsetja frå eit språk dei ikkje retteleg hev fenge taket på (tysk) og framføra umsetjingi på eit anna mål som dei helder ikkje retteleg meistrar («Den neste låta heitar...»). Men Rammsund er ikkje noko Sylfest Strutle-band, ein kjenner at dei som

stend på scena verkelegt er folk som vyrder norskt mål og som finn gleda i å både røkta og bruka nynorsk mål på scena.

Musikken var drivande, vokalisten var på hogget og publikum var med. Rammsund er neppe musikk som eg kjem til å høyra på i bilen eller i daglegstova, men alle som ynskte seg ein kveld på byen med øl, musikk og løgne tekster på norskrøtt mål kunde gå nøgde heim att.

Blutlinie - "Tag der Abrechnung"

Av Ornella Winter

«Blutlinie». Namnet er ikkje akkurat eigna til å vekkja dei heilt store ventnadene um noko nytt. Ved fyrste gjennomhøyring bit ein seg merke i den same grove vokalen og den same harde og catchy ljodbilætet som ein er vand med frå andre tyske musikkgrupper som Stahlgewitter, Division Germania, Blutzeugen eller Überzeugungstäter. Slik var i alle fall fyrsteintrykket mitt då eg høyrde nokre låtar frå debutplata deira tidlegare i sumar, og det vart ikkje til at eg høyrde noko meir på dei på ei stund.

Men ein dag eg skulde både vaska og leggja saman klede, so gav eg plata ein ny sjanse. Det synt seg at låg meir under yta enn som so. Dette er ei plata som vert meir interessant for kvar gjennomhøyring.

Det er godt gjennomtenkte politiske tekster

og det er heile vegen intelligente yvergangar frå harde til meir melodiose parti. Riffingi hev innslag frå både thrash og hardcore, men dette vert balansert med eit episk gitarsolospel som ein normalt assosierar med tradisjonell heavy metal.

Ei av låtene avsluttar yverraskande med ei lystig og Finntroll-liknande riffing i stigande tempo, men dette er – til lukka, for eg er ingen Finntroll-fan – eit undantak. På andre låtar kann avslutningane minna um slutten på ei Windir-låt, med storslege melodiest gitarspel og koring på klårvokal.

Um du tykkjer vel um nokon av dei gruppone som eg nemnde aller fyrst i denne teksti, og um du generelt tykkjer vel um catchy metallmusikk med mykje melodi, so er debutplata åt Blutlinie alt anna enn burtkasta tid.



Nei til sentraliseringsregionen. Ja til Sogn og Fjordane

Av Olav Torheim

“Intensjonsplanen” for Vestlandsregionen legg upp til at Sogn og Fjordane skal verta ribba for politiske institusjonar. Dersom Fylkestinget ikkje segjer nei til samanslåing den 6. desember, so kjem folket i Sogn og Fjordane til å sitja att utan politisk kraft til å hevda interessone sine i framtidi.


I “intensjonsplanen” åt dei tri fylkesordførarane vert det slege fast at den nye Vestlandsregionen kjem til å telja 1,1 millionar menneske. 110.000 av desse menneski bur i Sogn og Fjordane. Vestlandsregionen kjem til å vera ein einaste stor valkrins, og heile Sogn og Fjordane kjem soleides til å telja knappe 10 prosent av veljargrunnlaget åt dei nye regionpolitikarane.

Folket i Sogn og Fjordane misser all politisk slagkraft

Berre i Bergen Kommune åleine er det 277.000 menneske, mot 110.000 menneske i heile Sogn og Fjordane. Um me ser på heile bergensregionen samla, so talar me um nesten ein halv million menneske kring ein storby der folketalet heile tidi aukar på. Det segjer seg sjølv at det er i bergensregionen at politikarane vert nøydde til å prioritera å skaffa seg røyster ved val. Det er Bergen og Stavanger som kjem til å kjempa med kvarandre um infrastruktur og statsmidlar, og sogningane og fjordingane kann i beste fall få ei rolla som støttegruppa for Bergen...

Reint kvantitativt hev veljarmassen i Sogn og Fjordane ingenting å stella upp med mot dei langt meir folkerike byregionane i sud. Nett difor er det so viktugt at ein kvalitativt kann kompensera med eigne politiske strukturar og institusjonar, men alt dette tek Vestlandsregionen burt.

Rett nok heiter det i “intensjonsplanen” at “[d]et vert lagt til grunn at fylkesmannsembetet skal ha ei desentralisert forvaltning lokalisert i dagens fylke, med leing frå Sogn og Fjordane”. Her er det viktugt å vera klår yver det faktum at fylkesmannen ikkje hev nokonting med fylkeskommunen å gjera. Fylkesmannen er tvert imot staten sin representant i fylket, han er ein rein statsbyråkrat som administrerar oppgåvor som han fær frå politikarane i Oslo. Um Fylkesmannen vert verande i Sogn og



Nordfjord, Sunnfjord og Sogn. Alle gode ting er... snart historie?

Fjordane, so heiter det berre at det framleis skal finnast ein statleg arbeidsplass i fylket, ikkje at fylket framleis hev nokon eigen politisk institusjon eller representasjon.

Vestlandsregionen gjev mindre demokrati og meir teknokrati

Det nye regiontinget skal ha 77 representantar. Dette kann jamførast med at ein i dag hev 57 fylkestingsrepresentantar i Hordaland, 47 i Rogaland og 31 i Sogn og Fjordane.

Det samla talet på folkevalde politikarar vert soleides redusert frå 135 til 77, ein reduksjon på meir enn 40 prosent. Medan Fylkestinget i Sogn og Fjordane i dag hev 3548 menneske for kvar folkevald politikar, so kjem Regiontinget på Vestlandet til å ha 14285 menneske for kvar folkevald. For å få ein politikar inn på regiontinget trengst det altso 4 gonger so mange veljarar enn det trongst på dei gamle fylkestinget.

Den lengste bolken i “intensjonsplanen” for Vestlandsregionen hev tittelen “tilsette”. Her kann me lesa at “[v]estlandsregionen skal utøve ei styrkt regionalpolitisk rolle som samfunnsutviklar og tenesteleverandør. Dette vil innebere ein større organisasjon og langt fleire tilsette enn det dei tre fylkeskommunane kvar for seg har erfaring med å handtere i dag. [...] Ingen som er tilsette i dei tre fylkeskommunane på samanslåingstidspunktet skal kunne seiast opp som følgje av samanslåinga.”

Fylkespolitikarane må skjera igjennom og segja nei

Fasiten for Sogn og Fjordane sin part vert altso at:

1) Sogn og Fjordane misser alle sine

politiske institusjonar, og vert sitjande att med ti prosent av veljargrunnlaget i ein samla vestlandsk valkrins. Folket i Sogn og Fjordane kjem til å vera uviktig for politikarane når dei skal driva valkamp eller samla stønad.

2) Det vert mykje vanskelegare å stella listor eller få fram nye politiske initiativ, sidan det trengst fire gonger so mange røyster enn tidlegare for å få ein politikar inn på tinget.

3) Det samla talet på politikarar på Vestlandet vert redusert med meir enn 40 prosent, og det medan talet på tilsette kjem til auka eller verta verande det same som før. Dette fører til at Vestlandsregionen vert mindre politisk og endå meir byråkratisk og teknokratisk enn dei gamle fylki var.

Heile regionreformi er ein prosess som kommunalminister Sanner hev trykt ned yver hovudet på folk – med di dei vil gjera irreversible strukturendringar fyre dei misser makti ved neste stortingsval. For alle som er upptekne av å føra den politiske makti nærare folket på Vestlandet, so er det derimot all grunn til å segja nei til Vestlandsregionen slik han vert lagd fram i den sokalla “intensjonsplanen”. På møtet i Leikanger den sjettedesember må fylkestinget i Sogn og Fjordane ha mod til å setja foten ned og segja nei til samanslåing med Hordaland og Rogaland!

Innlegget vart fyrste gongen publisert i Firdaposten og i Sogn Avis i november 2016.

Skal Sogn og Fjordane attende til dansketidi?

Av Olav Torheim

«Vestlandsregionen» var død i det Rogaland valde å segja nei til å leggja seg inn under Bergen. Det Mini-«Vestlandet» som fylkestingi i Sogn og Fjordane og Hordaland skal røysta ja til i februar er ikkje noko anna enn ein retur attende til det gamle Bergenhus Amt.

I staden for å skapa strukturar som er framtid-sretta so skal ein på «Vestlandet» taka steget 250 år attende i tid. Ein skal attende til den strukturen som ein hadde før ein fekk formannsskapslovene, den gongen amtmann, lensmann og prest rådde grunnen åleine i bygdene våre.

Medan folketalet i Sogn og Fjordane er på lag det same i dag som det var i 1850 (det var kring 100.000 menneske i fylket den gongen med), so hev Hordaland vokse til å telja meir enn ein halv million – og helvten bur i Bergen. Når jamvel Rogaland og Stavanger er redde for bergensdominans, korleis kjem det ikkje til å verta for Sogn og Fjordane? At sentraliseringstrugs målet mot Sogn og Fjordane kjem frå Bergen, det hev vore klårt lenge. I dei siste tvo tiåri hev Sogn og Fjordane vorte ribba for både fylkessjuehus, fylkesskattekontor, alarmsentral og no til slutt politidistrikt. Flestalle desse funksjonane hev hamma i Bergen.

Eit Mini-«Vestland» som er for lite til å kunna få meiningsfulle arbeidsoppgåver

I den opphavlege «intensjonsplanen» for «Vestlandsregionen» so heitte det at:

«Fylkestinga i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane sluttar seg til intensjonsplanen, og stiller følgjande premisser for å etablere Vestlandsregionen:

Viktige samfunnsoppgåver blir overført frå statleg til regionalt folkevalt nivå, og desse vert sett i samanheng med sentrale oppgåver og ansvarsområde som fylkeskommunane no har.»

Med ein vestlandsregion sett saman av dei tri vestlandsfylki, so hadde ein fenge samanfallande grensor millom Helseregion Vest, Skateregion Vest og Statens Vegvesen Region Vest. Regionen var stor nok til at ein faktisk kunde ha teke yver den politiske styringi med dei statlege regionane som finst frå fyrr av. Eit Mini-Vestland kjem derimot til å vera for lite til at det er mogleg å få dette til.

Kor som er, so er det å å verta klårt nok at det helder ikkje er meiningi å få yverført nye oppgåver frå statleg til regionalt nivå. I Stavanger Aftenblad kunde me nylegt lesa at:

«Høyre varsler nye runder med kommunesammenslåinger i årene som kommer. Slik skal regionene, som Høyre nå er med på å etablere, fjernes. Færre og større kommuner skal gjøre det regionale forvaltningsnivået overflødig,

håper Tina Bru (H) og Torbjørn Røe Isaksen (H) i programkomiteen til Høyre.»

(«Høyre varsler nye tvangssammenslåinger av kommuner», Stavanger Aftenblad 12.01.2017, <http://www.aftenbladet.no/innenriks/Hoyre-varsler-nye-tvangssammenslainger-av-kommuner-537068b.html>)

Kommunalminister Sanner hev til dessar ikkje vilja vera konkret på kva slags oppgåvor som dei nye regionane skal få. Fyrst skal ein slå saman til størst moglege regionar, deretter skal ein tala um arbeidsoppgåvor – jamvel um det naturlege hadde vore å fyrst diskutera arbeidsoppgåvor og funksjonar, og deretter administrativ oppdeling. Men Røe Isaksen gjev oss fasiten: Dei nye «regionane» kjem til å vera reint byråkratiske konstruksjonar, som i motsetnad til dei 19 fylki er utan historisk forankring eller identitet. Når dei ikkje ein gong skal få meiningsfulle funksjonar å fylla, so vert det i neste umgang lett for styresmaktene å taka det folkevalde regionale nivået heilt burt.

Det er i realiteten klårt alt no at heile den politiske prosessen kring regionreformi er ein fiasko. Det vart sagt at talet på folkevalde regionale einingar skulde ned frå 19 til 10 og at dei nye regionane skulde få fleire arbeidsoppgåvor frå staten. Ut frå det som no er gjort av vedtak i dei ulike fylkestingi, so er det likt til at talet på regionale einingar vert redusert frå 19 til 16. Dei tvo Agder-fylki og dei tvo trøndelagsfylki slær seg saman til eitt, Sogn og Fjordane (gong etter gong kåra til det beste fylket å bu i) vert servert på eit sylvfat til Hordaland – og det er alt. Etterpå kann Høgre/Frp-regjeringi slå fast at «me freista å få til ei regionreform med utvida arbeidsoppgåvor, men det gjekk ikkje» – og so kann dei arbeida vidare for å realisera sin våte draum um eit endå meir sentralstyrt Noreg utan noko folkevalt regionalt nivå.

Kvar vart det av den demokratiske prosessen?

Vedtak um å slå saman Hordaland og Sogn og Fjordane skal gjerast i fylkestingi alt tidleg i februar. Det vert ingen ny høyringsrunde, jamvel um fyresetnadene i den opphavlege intensjonsplanen er burte.

Nye oppgåvor til Vestlandsregionen var som nemnt ein av dei viktugaste premissane i «intensjonsplanen» som var grunnlaget for høyringi tidlegare i haust. Når premissane for høyringi er endra, so er det klårt at det ogso burde verta ei ny høyring fyre fylkestingi skal gjera nye vedtak. I staden vert ei samanslåing av Hordaland og Sogn og Fjordane køyrd igjennom i rasande fart.

Motstanden og motkulturen som døydde ut?

Det er dessutan grunn til å stella spursmål ved Senterpartiet si rolla. Det er Senterpartiet sin fylkesordfører Jenny Følling som hev vore med på å tinga fram både den gamle og den nye «intensjonsplanen», jamvel um Senterpartiet både lokalt og nasjonalt er imot fylkessamanslåingi. Kvifor godtek Senterpartiet at fylkesordføraren deira gjer dette? Er dei meir interesserte i å halda på misnøgje-røystene åt sentraliseringsmotstandarane enn å faktisk vinna kampen mot fylkesnedleggingi? Senterpartiet sin «motstandskamp» mot regionreformi ber so langt preg av at dei «protesterer for all verden, men er med på ferden...»

Slik sett kann ein segja at ringen er slutta. For 250 år sidan vart Vestlandet styrt av dansk- og tyskætta embetsmenn som både etnisk og kulturelt stod langt undan den innfødde folkesetnaden. Var motkulturane på Vestlandet berre eit lite historisk blaff – fyre me endå ein gong skulde slusast inn att i eit framandvælde som med EU, NATO og TISA/TTIP jamvel hev fenge globale dimensjonar?



Etter 250 års sjølvstende skal Sogn og Fjordane annekterast inn att i Bergenhus. Skal det lokale sjølvstyret låsast inne i Rosenkrantztårnet og lykjelen kasta ein gong for alle?

Vestlandsregionen og målsaka

Av Bjarte Rundereim

Olav Torheim har gått litt av skaftet når det gjeld Vestlandsregionen og val av administrativ målform. Han held fram med talmagien til Noregs Mållag, som baserer seg på ein totalt udemokratisk §7 i Mållova, tilliks med deira tolking av omgrepet "jamstelling" i same saka.

Samanlikninga mellom dei to "jamstelte" målføra, og urspåka i Norge tykkjer eg er lite sakleg. Minoritetsspråks-charteret, som Torheim siterer, talar om "obstacle" eller hinder i å fremja minoritetsspråk, og det er å dra denne ganske etter håra, om ein hevdar at folkefleirtalet i ein vestlandstregion skal gje avkall på demokratiske rettar til føremon for eit mindretal. Demokrati er at fleirtalet bestemmer, men at mindretalet skal vernast mot overgrep. Å innføra nynorsk som administrasjonsmålføre i Vestlandsregionen ser vesentleg meir ut som eit overgrep mot fleirtalet.

Demokrati heiter fleirtalsstyre, og bokmålsbrukarane er i fleirtal

§7 i Mållova fordeler reknelogikken på talet av kommuner i Norge, utan omsyn til innbyggjartal og andre slike detaljar. Det har som konsekvens, at til dømes Hordaland, utan ei einaste bokmålskommune etter Mållova, likevel har eit fleirtal av bokmålsbrukarar på 67% mot 33%. Dette kjem klårt fram, om ein nyttar ein kombinasjon av kommunane sine eigne tal for skulemål i grunnskulen, og Statistisk Sentralbyrå sine tal for enkeltelevar sine målformer i grunnskulen. Om ein i tillegg reknar inn tala for elevane sine overgangar frå nynorsk til bokmål i ungdomsskule og vidaregåande skular, vert kravet om nynorsk i Vestlandsregionen ikkje anna enn demokratisk komi-teater (ordet "komedie" er alt for seriøst her).

Om ein tek for seg Hordaland fyrst, så har det seg slik at Bergen både er "nøytral" i høve til målform, men samstundes har dei 98% bokmål i grunnskulen, og 2% nynorsk, med eit samla folketal på 277 000 menneske. Askøy kallar seg nøytral, òg med 98% bokmål og 2% nynorsk, med samla folketal på vel 28 000 (2015)

At Mållova grunnjev seg på kommunetal i staden for folketal, er grunnleggjande udemokratisk. Demokrati er ein mann – ei røyst, og at alle røyster skal telja likt.

Mållova sin reknemåte gjev diverre grunnlag for talmagien og skeivtenkjinga



"Om ein tek for seg Hordaland fyrst, så har det seg slik at Bergen både er "nøytral" i høve til målform, men samstundes har dei 98% bokmål i grunnskulen, og 2% nynorsk, med eit samla folketal på 277 000 menneske."

til det meste av målrørsla, og er i ferd med å øydeleggja truvedet til heile denne rørsla. Når ein så legg til denne grunnleggjande skeivteljinga, at halvparten av alle skuleelevar med nynorsk "opphav" skil seg av med målforma ved å velja bokmålet, anten i ungdomsskulen eller i vidaregåande skule, så er salva mi ovanfor eigentleg berre halvskoten.

Det er på sin måte greitt, at ein skal fylja lova, men når sjølve lova er udemokratisk og heilt i utakt med røynda, då kan det vel henda at ein liten revisjon kan vera bra.

Hordaland og Rogaland er tapte som nynorskfylke

Dersom nynorsk, og for den sak skuld, høgnorsk; skal ha noka framtid i det heile, bør ein kan hende innsjå at både Hordaland og Rogaland på lengre sikt er tapt som nynorskbastionar. Det som står att, regionalt, er Sogn og Fjordane, med sine 85 – 95% nynorskbrukarar, og med ei serstilling i dei "større" tettstadene, som Førde og Florø. Det finst berre ein kommune som har glepptak her, og det er Vågsøy, med sine 24% bokmålsbrukarar i

grunnskulen, men likevel med låg overgang til bokmål i vidaregåande.

Målrørsla lyt setja kvalitet framfor kvantitet

Nei, hald opp med skeivteljing og talmagi, og legg arbeidet på kvalitet i målrørsla, i media og i opplæringa. Aviser som Dag og Tid, hverande Målmannen og sikring av nynorskopplæringa i lærarskulane regionalt, er mine forslag til vektlegging.

Det skal nok meir enn god vilje og glatt snakk til, for å gjere Bergen, Hauge-sund og Stavanger til nynorsk-byar.

Det er og, kan hende, ein storm i eit vassglas, når ein meiner – som nokre – at det vore betre om regionsamarbeidet var dautt, enn å få bokmål som administrasjonsmål.

Endå merkelegare er det, tykkjer eg, at debatten i regionen eigentleg ikkje var om nynorsk i det heile, men om regionen skulle stilla seg nøytral om dette. Demokratisk sett, bør den sjølv sagt no bli ein bokmålsregion, etter folkefleirtalet.

Demokratisk målstrid på Vestlandet, ja takk!

Av Olav Torheim

Det kjem kanskje til å yverraska sume lesarar, men eg er langt på veg samd i dei observasjonane som Bjarte Rundereim legg for dagen. Derimot er det likt til at me landar på stikk motsette konklusjonar.

Målrørsla bør setja kvalitet framfor kvantitet, hevdar Rundereim. Nett dette er grunnen til at Målmannen er eit høgnorskblad. For me kjem ikkje i frå at dei problemene som mange språkbrukarar hev med nynorsken er heilt reelle. Fråværet av eit nynorsk normaltalemål og ei einskapleg nynorskrettskriving gjer nynorsken vandsleg å nytta seg av for mannen i gata.

Naturleg nok hadde dette problemet vore mindre dersom nynorsken var meir synleg i kvardagen, men når nynorsken reint kvantitativt faktisk er eit mindretalsspråk - med alle dei ettermunene som det fører med seg - so treng nynorsken dei kvalitative fyremunene som likevel gjer nynorsken til det beste valet. Her hev målrørsla og ikkje minst høgnorskkrørsla ein jobb å gjera.

Statsnynorsken er ei festning utan folk

Nynorsken i stat og styringsverk er for ei gamal festning å rekna. Ho ser stor og mektig ut, men når fienden kjem so hev ein ikkje sol-datar til å halda henne. Sidan målrørsla ikkje lenger er nokor politisk kraft å snakka um, so vert ikkje målstriden noko anna enn ein kamp frå skanse til skanse.

Når nynorsken enno hev ei tolleg sterk stoda innanfor statlegt styringsverk, so er det takk vere sigrar som målrørsla hev vunne på eit tidspunkt ho stod mykje sterkare. I våre dagar er derimot slik at kvar gong det kjem til ei strukturendring, so er det nynorsken som vert salderingspost. Og då talar me um mykje meir enn berre kommune- og regionreform.

Til dømes hadde Fylkesbaatane i Sogn og Fjordane gjennom eit heilt hundradår vore garantist for norskt mål på fjordabåtar og ferjor, men når Norled tok yver Lavik-Oppedal i 2014 so vart alle tri ferjone på bokmål - utan at passasjerane ansa på det eller brydde seg. Jamvel tri år seinare er ferjeturen yver nynorskfylket sitt mest trafikkerte ferjeløype 100 prosent på bokmål...

Skal historisk tilkjempa rettar bytast burt mot ingenting?

Rundereim hev soleides rett i at det hadde vore betre for nynorsken å draga seg attende til sikre posisjonar i staden for å meinhalda på ei jamstilling som likevel berre er reint illusorisk. Men dette hev til fyresetnad at målrørsla faktisk er i posisjon til å gjera ein "byte-

handel" av dette slaget. Og det er me ikkje.

Um det verkeleg var slik at eit språkøytralt Hordaland kunde bytast mot eit Sogn og Fjordane som vart verande nynorsk for all framtid - til dømes med ei beinhard mållov av same slaget som dei hev på Åland eller i Sud-Tirol - so kunde det vera verdt å diskutera. Men slik stoda er i dag so hadde det å sleppa ned nynorsken i Hordaland vore det same som å sleppa ned ein hardt tilkjempa rett i byte mot... ingenting! Det einaste ein hadde oppnådd var at nynorsken i Sogn og Fjordane miste den strategiske djupni som det gjev å grensa til eit anna nynorskfylke.

Det er helder ikkje slik at målrørsla er ein slags mobil innsatsstyrke som kann setjast inn der ho til kvar tid trengst mest. Målrørsla - i alle fall slik ho ein gong var - er snarare for eit lokalt implantert "heimevern" å rekna. Det er nett i grenseområde der det hev vore målstrid at nynorskbrukarar er vortne medvitne målfolk. Der målrørsla stend sterkast, det er er i spenningsfeltet millom bokmålsbyar og nynorskbygder. Dette gjeld både Ålesund (Møre og Romsdal), Bergen (Hordaland) og Stavanger (Rogaland).

Hordaland hev tradisjonelt vore det fylket der målrørsla hev vore best implantert. Det skulde vera nok å nemna Vestmannalaget, Vestlandske Mållag, Gula Tidend eller Hordaland Teater. I Hordaland finst det ein tradisjon for både målordskifte, målørystingar, parallelklassearbeid og målstrid generelt - medan denne kampen vart "vunnen" for lenge sidan i Sogn og Fjordane.

I Sogn og Fjordane vert ein til dømes ikkje tvinga til å insistera på framleis nynorsk når ein flytjer inn til næraste tettstad for å gå på vidaregåande. Nynorsk er ikkje noko som ein brått stikk seg ut med og som ein treng å argumentera for. Soleides vert ein skjerma for nett dei opplevingane som framgjenom hev fenge nynorskungdomar til å ta steget og gå med i målrørsla.

Parlamentarisk demokrati er til for å brukast

Rundereim meiner det ikkje er "demokratisk" med eit nynorsk vestland so lenge dei fleste vestlendingar bur i bokmålsbyane Bergen og Stavanger. For demokrati heiter at fleirtalet skal avgjera, hevdar han. Her vil eg vera provokativ nok til å svara at røyndomen er den stikk motsette: Demokrati av det representative norske slaget heiter at det er alle andre enn fleirtalet som avgjer: Kommunesamanslåingar, datalagringsdirektiv, innvandringspolitikk, EU/EØS - i flestalle saker som

verkelegt set kjenslone i sving millom folk, so er politikken å styresmaktene i strid med fleirtalsmeiningi.

I staden for å verta populistar og klaga yver at "dette er ikkje demokrati", so tenkjer eg me skal ta konsekvensen av desse heilt systematiske tendensane og sanna at - ja, slik er demokratiet. Moderne parlamentarisk demokrati heiter at det er dei som hev nettverk, pengar og ressursar som fær setja den politiske dagsetelen - same kva fleirtalsmeiningi skulde vera. Då er det er like legitimt av målrørsla som det er av alle andre lobbyar og pressgrupper å freista påverka politikarar og avgjerdestakarar.

Ein kunde tenkja seg at Noreg hadde havt eit heilt anna politisk system i framtidi, til dømes eit direkte demokrati. Eller endå betre: I staden for dagsens kvantitative demokrati kunde me havt eit "kvalitativt demokrati". Det heiter eit system der politiske avgjerder vart tekne av dei som hev dei beste fyresetnadene for å taka dei - til dømes med ei form for syndikalisme. Alt dette er under alle umstende musikk frå ei tenkt og fjern framtid, og målrørsla treng strategiar og arbeidsmåtar som høver med røyndomen i dag.

Målstrid er ikkje oss imot

Um bokmålsbrukarar meiner dei hev ein "demokratisk" fleirtalsrett til å språkøytralisera Vestlandet, so hev me ein like demokratisk rett til å arbeida politisk for å hindra det. "Kom og ta dei", var svaret som persarkongen fekk då han bad Leonidas um å leggja ned våpni sine...

Til sjuande og sist kann eg og Rundereim likevel segja oss samde i at målkampen er ein tapt kamp - yveralt - dersom målrørsla ikkje maktar å gjera seg relevant att i samfundsordskiftet og i dagleglivet. Ei skrivarstova i Oslo med 10 fulltidstilsette er lite hjelp i dersom lokallagi visnar burt og dei 15.000 medlemene nøgjer seg med å senda inn medlemspengar på SMS.

I dag ser me at verdfull lokal kultur og tradisjonar vert knuste til pinneved under vekt å ein marknadsliberal materialisme, sentralisering, masseinnvandring og globalisering. Det var den gongen målrørsla var ei politisk kraft i samfundet at nynorsken vann fram. Um nynorsken og målrørsla framleis vil ha ei rolla å spela i samfundet, so må ho finna sin plass millom oss som vil organisera motoffensiven. Då sviv det seg ikkje berre um Vestlandet, men um heile Noreg og Europa.

Dei islenske ættesogone

Av Ådne Øsleby

Kvifor les me so lite frå dei islenske ættesogone i Noreg i dag? Dette er eit spørsmål eg hev undrast mykjever. Kongesogone hans Snorre plar ha ein heidersplass i bokhyllone i møblerte norske heimar, medan Egilssoga, Njálssoga og alle dei hine ættesogone vantar altfor ofte - endå dette er litteratur i verdsklasse.

Jamvel um dei er sette til islenske høve so kann ein likevel hevda at dei høyrer til ein sams vestnordisk kulturarv. I dette bladstykkjet vil eg slå eit slag for desse sogene, og vonleg kan eg yta mitt til at dei vert meir lesne - for det fortener dei.

Ættesogone som lekk i ei uppseding

Mitt fyrste møte med ættesogone var då eg i slutten av tenåri las "Soga um Gunnlaug Ormstunge" i heimeleksa på skulen. Møtet med skalden Gunnlaug - og kjærleiksdramaet millom honom, Ravn og Helga - gav meg meirsmak. Seinare lånte eg Soga om Eirik Raude med læraren min, og eg pløgde meg gjennom denne i staden for å gjere dei lek-sene som eg eigenlegt skulde ha gjort. Denne soga tek fyre seg landnåmet på Grønland og oppdaginga av Vinland, og eg skyna straks at denne sjangeren var noko for meg. Dinæst gjekk det slag i slag, og eg las dei fleste sogone eg kom yver.

På den tidi eg las desse sogone so var eg ein tverr individualist. Eg kjende meg ikkje heime i det samfundet eg var oppseda i, og til liks med mange andre i slutten av tenåri so var eg i ei slags eksistensiell krise. Eg sette spyrjeteikn til heile opplysingstidi sitt paradigme - paradigmet um at soga gjeng frå eit myrkt og primitivt utgangspunkt til noko betre med kvart som me fær meir kunnskap og betre levekår. Pengar, mat og sokalla "fridom" kann då ikkje vera ein mælestav på lukka, tenkte eg. Finst der ikkje noko meir enn dette? Noko som er høgare og edlare enn ei rad med einskildmenneske som liver i "trygge" umgjevnader - der dei konsumerar og økslar seg fyre dei til slutt døyr utan å setje eit einaste merke på verdi etter seg? Dette var spørsmål eg stødt stelde meg sjølv, og eg skyna at det var noko som var ålvorlegt gale med samtidi mi, men eg visste enno ikkje kva det var for noko.



Ein illsint Egil Skallagrimsson set upp nidstong mot kong Eirik Blodøks og dronning Gunnhild. Statua er laga av Gustav Vigeland i 1922.

So byrja eg, som alt nemnt, å lese ættesogone, og dei uttrykte noko som eg ikkje visste at eg hadde sakna so sårt. Dei uttrykte ei ættekjensle og eit samfund som er heilt framandt for oss som er oppseda i denne moderne rotlause samtidi. I sogone er det ikkje individet som vert drege fram som det store idealet, det er ætti. Ætti er du fødd inn i, og du er ein part av henne. Individet gjeng inn i ætti på ein organisk måte, anten dei vil, eller ikkje.

Ein viss individualisme finn ein i ættesogone med, måvita, slik som i det moderne samfundet - for dette er noko som sermerkjer oss som eit folk. Men det er likevel slik i sogone at ætti er større

enn individet, og at sogeheltane stødt gjeng inn i eit større hopeheng. Det er ikkje slik at sogeheltane er rotlause individ som skal "finna seg sjølv" på den store identitetsmarknaden, og plukka og velja sin eigen identitet slik dei sjølv tykkjer er best.

Vidare byrja eg å idealisere den røyndi som sogone skildra. Endå um det var ei sers hard og brutal tid, so tenkte eg at det laut vera ein bra ting at menneski fekk røynt seg - ikkje berre på naturkreftene, men óg på andre illmenne som vil dei ilt. Harde tider skapar harde menneskje, og dei tvingar folk til å stø seg på andre, og å ofra seg sjølv for eit hopehav som er større enn dei sjølv,

tenkte eg. Sogone gjorde meg soleides reaksjonær.

Med kvart som eg vart meir mogen og vaksen so hev eg lagt frå meg dette svermeriet, og eg vil ikkje lenger kalle meg reaksjonær. Det er ikkje er mogleg å skru tidi attende til ei viss bolc i saga, og eg hev skyna at det hev lite fyre seg å sitja og drøyma seg vekk. Ein lyt heller vera til stades i verdi, og freista skape ei betre framtid der i minsto nokre av ideali frå desse farne tidene kjem til uttrykk på ei ny vis. Endå um den folkeånda som vert uttrykt gjennom sogene vert haldi nede i det moderne samfundet, so ber me henne alltid med oss. Det er berre å hente henne fram att, og gjeva henne ein ny ham. Ei folkeånd kan stødt gjera hamskifte, men sjølvje åndi, ho er evig. Men dette er tema for ein anna artikkel.

Um ikkje desse sogone lækte den nemnde krise mi heilt, so kann ein i alle fall segja at dei fekk meg på god veg ut or henne, og at dei i stor mun hev gjort meg til den eg er i dag. For dette er eg sers takksam til dei islenske sogeforfattarane som sat i myrkret og skreiv desse sogone for tusen år sidan! Dei skulle berre ha visst!

Er ættesogene islenske, norske, eller ingen av delane?

I år 1000 vart det vedteke på alltinget på Island at det skulle vere eit kristelegt land, og den nye kristendomen førde med seg nyvinningar frå kontinentet, som til dømes boklærdom og latinske bokstavar. Dei lærde sette so i gong ein storslegen skrivedugnad på den vetle øyi. Tidlegare hadde ein halde gamle kvad og sogor i live med di ein førde dei fram for tilhøyrarane utanboks, men no skulle desse sogone skrivast ned på kalveskinn slik at ein kunde taka betre vare på dei. Slik vart den norrøne litteraturen til. Dei islenske ættesogone er ein underkategori av nemningi norrøn litteratur, og desse sogone er kjennemerkte med at dei er skrivne som prosa, dei er episke, og dei tek fyre seg både heltar og illmenne som hev livd verkelege liv, hovudsakleg på Island, men i Noreg og andre stader med. Det er ein pågåande diskusjon kor vidt - eller i kor stor grad - desse sogone hev vorte forfatta av dei som opphavlegt skreiv dei ned, eller um dei er uttrykk for ein eldre munnleg tradisjon. Islendingane vil ofte ha det til at sogone er forfattarane sine eigne åndsverk. Ein kann tenkja seg at dei legg vinn på denne forklåringa av di sogone då vert meir heimslege for dei.



Snorres kongesogor finn ein i dei fleste møblerte heimar, men kva med ættesogone?

For

um dei målber ein eldre munnleg tradisjon, so lyt dei dela sogone med Noreg. Ved å hevda at dei er forfatta på Island kan dei i større mun vektleggja dei som byggjesteinar for ein sereigen islensk nasjonal-identitet. Um sogone er forfattarane sine eigne åndsverk, eller ikkje, er visseleget eit interessant spørsmål. Men same kva for eit svar ein kjem fram til so er det slik at sogone er eit uttrykk for den same folkeåndi som ein finn att både på Island, og i Noreg. Og ut frå mitt syn vert denne usemja difor eit uttrykk for ein usunn og platt patriotisme som hev lite fyre seg.

Sogone som uttrykk for ei folkeånd

Desse sogone er skrivne på eit heilt særeige vis med di hendingar vert skildra sers objektivt. Verdidomar vert sers sjeldan delte med lesarane, og alle hendingar og dialogar vert skildra gjennom eit utanfråperspektiv. Hendingar som gjeng fyre seg yver mange år vert gjerne berre skildra med ei setning, eller tvo. Dette fører til at sogone er sers ordknappe. Ein kann jamføra denne skrivestilen med eit trekanta isberg som flyt på vatnet. Berre toppen på isberget er det ein ser yver havvta, medan mesteparten av berget er under vatn. Um ein då tenkjer seg at det som stend skrive i sogone er det som er yver havvta, medan det som er under er alt det som er usagt, so skynar ein at ein ikkje kan skumlesa denne typen litteratur dersom ein faktisk vil få med seg det sogone vil segja.

Mange hev late seg kveikja av denne skrivestilen, og millom dei er den kjende amerikanske forfattaren Ernest Hemmingway. Romanane og novellone hans

er

kjende for at bodskapen er å finne millom linone. Ei rad heimslege forfattarar skriv i ein sovoren stil, dei med - men om dette er gjort medvite eller ikkje, det er ikkje alltid godt å seie. Olav Duun er ein av forfattarane som hev henta mykje kveikje frå sogone. Dette kjem sær godt til uttrykk gjennom romanserien Juvikfolke (1918), som er ein romanserie i fem bind der ein fylgjer same ætti inn i yvergangen frå farne tider til det moderne samfundet. Denne ætti hev ei slags arkaisk ånd yver seg som ein kjenner godt att frå den norrøne litteraturen, og Duun skildrar ein altumfemnande kontinuitet som ein finn att i alle ættledane. Skrivestilen er knapp og mystisk òg, ein må sjølv leggja saman tvo og tvo for å skyna alt som gjeng fyre seg.

Lærde hev hevda at denne knappe skrivestilen hev eit praktisk opphav, og det skal vere av di sogone er skrivne på kalveskinn. Desse kalveskinni var sers dyre, og sogeforfattarane måtte difor spare seg for lange utgreidingar og fargesprakande adjektiv. Denne forklåringa trur eg ikkje meir enn måteleg på. Eg meiner helder at det må vere slik at denne stilen er eit uttrykk for ein del av den nordiske folkeånda. Dei nordiske folki hev eit roleg lynne, dei er blyge og ordknappe. Me underdriv, heller enn me yverdriv, og dersom me ikkje ser ein god grunn til å tala, so held me helder tyst. Me pakkar sjeldan ting inn i store ord. I dette ser ein ein kontinuitet i frå norrøn tid, og heilt fram til i dag. I dag skal samfundsvitarar og humanistar ha det til at det korkje finst folkeånder, eller sokalla essensar. Dette er tankegods som hev snike seg inn i vitskapssoga, delvis gjen-

nom Frankfurterskulen, og er visselegte berre nedbrytande tullprat som dei nyttar som argument for den internasjonaltiske ideologien sin - diverre med stort hell.

Norrøn humor

Dette med det ordknappe og underdrivande ligg til grunn for den norrøne humoren òg. Humor er kanskje ikkje den fyrste assosiasjonen ein gjer seg når det er tala um ættesogor, men ein finn faktisk fleire humoristiske innslag i sogone. I Njálssoga finn me ei anekdote som kann gje oss eit godt døme på dette; Kol Egilsson vil kappast med Kolskjegg i strid, og Kolskjegg vil for sin part gjerne røyna seg mot Kol. Kol stikk etter honom med spjutet sitt og råker honom på utsida av låret. Kolskjegg høgg so etter foten til Kol. Kol fær ikkje stogga dette med skjoldet sitt, og foten hans vert hoggen tvers av. Kolskjegg seier då "Råka eg deg eller ikkje?". Då svarar Kol; "No fekk eg svi for at eg var skjoldberr". Han held då upp striden, stend på den eine foten han hev att, og glanar på fotstubben sin. Kolskjegg nidar vidare, og seier "Du treng ikkje glåpa slik, det er nett som du tykkjer, foten er av." So fell Kol daud ned på marka. Ein sovoren myrk humor der karakterar dør på heroisk vis er sogone fulle med. Kven kan vel ikkje lata vere å draga på smilebandet når Kol fær foten avkappa, og roleg ytrar "No fekk eg svi for at eg var skjoldberr"? Når ein les dette er det lett å gjere seg assosiasjonar til Monthly Python sin film om den heilage gralen der Kong Arthur stridast med den Svarte Rytteren. Der lukkast Kong Arthur å hogga av baa armane og eit av beina på den Svarte Rytteren, men rytteren let seg ikkje plukka på nasen, og vil slåst vidare endå han berre hev ein fot att. I dette høvet skulle det ikkje undra meg um det er ættesogone som hev kveikt dei. Men ein kan samstundes hevda at britisk humor på mange vis liknar den nordiske, og sokalla "understatement"-humor er eit stikkord som gjeng att både hjå oss og hjå dei.

Kremen av sogelitteratur

Njálssoga (også kalla Njåla) vert ofte dregi fram som den beste av dei islandske ættesogone. Njåla er bra ho, men eg meiner likevel at det er Egilssoga som bør sitja øvst på truna. I denne soga fær me høyra um ulike ættledar av menn og kvinner som alle stammar frå Kveldulv. Kveldulv held til på garden sin, Berle i



Uppstod ættesogone på Island eller byggjer dei på mykje eldre munnleg tradisjon?

Bre-manger. I desse ættledane vert det fødd søner med sers ulikt lynne. Éin son kan vere ven å sjå til, godt lika av alle, og med eit mildt lynne, medan den andre er stygg, stor av vokster, vond å ha med å gjera, og dessutan er dei gjerne hamrame. Der som soga utmerkjer seg er at det er dei stygge og illhuga sønene som ein hovudsakleg fylgjer under soga sin gang. Fyrst er det Kveldulv, so Grimm, og til slutt Egil Skallagrimsson.

Det er Egil som er soga sin største anti-helt. Han kved sitt fyrste kvad når han berre er tri år gamal, og når han vert sju år slær han i hel sin fyrste mann under eit ballspel. Når han vert litt eldre vil han so gjerne reisa i viking, men den vene og milde storebroren Torolv vil ikkje ha honom med av di han mistenkjer at Egil sitt lynne berre kjem til å øydeleggja ferdi for honom. Då vert Egil trassig, og han gjer alt han kan for at han skal få vera med. Når Egil nær sagt øydelegg skipet til Torolv so ser han ikkje onnor råd enn at han lyt få vera med honom.

Eg lyt dessutan nemna at Egil er ein framifrå skald, og på same tid som at han kann vera både tverr, grisk og meir brutal enn det han treng um å vera, so hev han samstundes noko melankolsk og kjenslesamt i seg. Dette kjem gjerne til uttrykk i kvedi hans. Når Bodvar – sonen til Egil – vert avliden på sjøen, so legg Egil seg til sengs og nektar å ta til seg baa mat og drykk. På oppmoding frå dotter si kved han so eit minneskvede um sonen sin, og dette kvedet kallar han Sonatorrek. Dette lange kvedet uttrykkjer godt dei mjukare sidene ved Egil. Eg vil gjeva att fyrste strofa frå dette kvedet her:

*Tungt
det er
tunga å røra;
eg orkar mest ikkje
anden å draga.
Det er ikkje von
eg vinn å kveda,
frå djupet i hugen
henta opp kvedskap.*

Um ein er nyfiken på dei islandske ættesogone, og ynskjer seg ei stutt smak-sprøva, so vil eg oppmode til å lesa Soga om Gisle Surrsson. Ho er på lag sytti sidor lang. Ho tek fyre seg Gisle Surrsson som må leve som utlæg etter at han vert skulda for eit hemndrag, og han lyt verja seg på finurleg vis mot alle dei som vil ha honom av dage. Han lever mange år i fredløyse, og kona hans stør upp um honom heilt til det siste, endå ho misser vener og lid ille av dette.

Kvifor vert ikkje sogone meir lesne?

Til å byrja med so spurde eg kvifor desse sogone vert lesne so lite i Noreg i dag. Dette hev nok mange årsaker. Ei av årsakane er nok at folk les mindre i dag av di ein hev so mange virtuelle alternativ som krev mindre av tilskodaren eller tilhøyraren. Og når folk i dag fyrst les so vel dei helder eitkvart som krev mindre av ein. Jamvel um ein finn kongesogone i bokhyllone i dei tusen heimane so hev eg mine tvil um dei eigenlegt vert lesne i serskilt stor mun. Kor som er so oppmodar eg alle Målmannen sine lesarar, som enno ikkje er kjend med dei islandske ættesogone, um å gjera bot på dette so snart som råd er! Det skuldar de dykk sjølve, men forfedrane dykkar med. Mange av sogone er å få tak i gjennom Samlaget, eller so kann ein lett gjere eit varp på eit antikvariat.

Henry D. Thoreau og “Livet i skogane” Av Stig Andresen

Walden: Livet i skogene / Henry D. Thoreau. Oslo: Pax Forlag A/S, 2008. 336 s., ISBN 978-82-530-3115-6 (hf.)


Henry David Thoreau (1817–1862) vart fødd i Concord i Massachusetts i USA. Bygdi Concord med sine drjuge 2000 innbyggjarar skulde vera staden han døydde òg, i relativt ung alder. Thoreau skulde få eit ettermæle som vara ved, hovudsakleg grunna denne boki. “Livet i skogane” er stutt fortalt den sanne saga um korleis Thoreau med knapt meir enn sine tvo hender flutte ut or bygdi og bygde seg eit bu i skogen - der han dei neste tvo åri, tvo månadane og tvo dagane heldt til. Boki greider ut um den transcendentalistiske filosofien som Thoreau var ein av fyregangsmennene for. Samstundes er ho full med småe iaktskodingar yver korleis livet og årstidene skifter for både folk og fe langsmed breiddi av innsjøen Walden.

Walden vilde sjå um han kunde venda attende til det greide og einfelde livet han fremja tankane sine kring hopehavet. Han fekk difor lånt seg ei øks hjå ein granne - i byte mot lovnadar um å venda attende med øksi endå kvassare enn då han lånte henne. Nokre spikrar kaupte han au. Elles hadde han inkje med seg, anna enn det han var kledd i. Med dette gjekk Thoreau ut i øydemarki for å rydja seg ein stad å bu. Den nemnde øydemarki var strengt teke ikkje var meir enn tvo kilometer frå byen, so det er ikkje slik at Thoreau hevdar å hava budd i villmarki.

Thoreau byggjer seg eit hus - elder hytta, um ein vil - som byrjar som berre eit lite hol i marki der han kann sova. Med kvart vert det til eit koseleg bu der Thoreau hev alt han tarv. Jamvel skorsteinen og eldstaden murar han sjølv.

Boki er ei umerkjeleg samanfletting av klassiske peikarar frå både Austen og Vesten, tankar kring det åndelege, naturhistorie, økologiske innspel, dagbok, ferdaminne, medmenneskjelege tilhøve, lokalsoga og meir til. Ein merkar snøgt kor lærd forfattaren er, med di han stødt dreg inn indisk, romersk, gresk, norrønt(!) og andre seder i sine daglegdagse åskodingar. Thoreau var ein mann av sine ord, og endå um han seinare i livet skulde venda attende til «sivilisasjonen» (nokre kilometer burte) i bygdi, fekk han likevel prova at ein velskapt mann med hovudet og hjarta på rette staden kann skapa seg eit liv i nøysemd.

I våre dagar med ei eksplosjonsarta folketalvokster på Jordi kann ein snaudt poengtera



kor viktug denne boki er. Som alltid med slike bøker kjem aldri boki til å verta lesi av deim som burde lesa henne mest, men for oss som bryr oss um miljøet og framtidi er ho jamvel ei liti gullgruva av inspirasjon og oppbyggjande lesnad i seg sjølv.

Det rår stødt ein melankolsk tone yver boki, og ein ser tydeleg at Thoreau på eit vis lengtar attende til den einfelde livsførselen han ein gong førde. Det er då likevel alltid eitt av dei slåande dragi ved menneski: me lengtar til folk um me er i einsemd, og me lengtar burt frå folk når me er med deim (i alle fall sume av oss). Som han humoristisk påpeikar på side 243: «'Husfaren skal i kveldingen forbli ute på gårdsplassen like lenge som det tar å melke en ku, eller lenger hvis han ønsker, for å vente på en gjests ankomst.' Jeg oppfylte ofte dette gjestfrihetens bud, og ventet så lenge at man kunne ha melket en hel bøling, men jeg så aldri gjesten nærme seg inne fra landsbyen.» I ei tid der eit miljøparti på Stortinget som Dei Grøne tilsynelatande ikkje ser nokon flokar med ei innvandring som kvart år tek med seg meir enn 50 nye heimbygder som mi til kongeriket, so er det klårt at denne boki er sær i tidi. Utanfor Europa eksploderar folketalet på Jordi og dette aukar det tragiske presset på Europa sine yttergrenser. Det vert sovidt eg veit aldri tala noko i det offentlege ordskiftet um at folketalet på Jordi på sikt lyt redusert mykje um me i det heile skal hava sjansen til å liva berekraftige og verdfulle liv med innhald og glede. Dette gjeld same kvar på jordi ein held til. Den øyredøyvande stilla som bøker um dette og tilknytte emne vert møtte med er slåande når ein tenkjer på på kor oppøst ordskiftet vert i langt mindre viktuge

saker. Meiningslause saker dryfter folk gjerne so busti fyk, anten det no gjeld islam elder Paradise Hotel.

Den jamne norske lesaren vilde nok ha sagt at boki kunde ha vore stuttare. Ho er likevel ei njoting å lesa. Ein kjenner seg retteleg hugteken av korleis året skifter, og den lesaren som ikkje fær lyst til å leggja boki frå seg og ganga ut i naturi skulde eg lika å sett. Alle slags dyr, vekstar og folk frå bygdi vert umtala med livslyst og interessa. Det anten det no gjeld grågasi som flyg i flokk yver innsjøen elder lurendreieren av ein ire som stel spikrar frå Thoreau medan han sjølv er ute på åkeren. Når det kjem til tematikken so kann boki kann kanskje minna litt um vår eigi heimlege “Fuglane” av Vesaas - um enn med eit heilt anna utgangspunkt, måvita. Nokon roman er det kor som er ikkje, men ei merkeleg blanding av sjangrar som likevel stend seg godt.

Thoreau hev for all æva måla eit bilæte av det ein kunde kalla ei onnor røynd. Ei røynd som kann vera mogleg, um me berre vil. Denne bokmeldaren freistar gjera slik at han i alle fall kann skoda seg sjølv i spegelen: attvinna nær sagt alt avfall, køyra kollektivt, halda det meiningslause forbruket på eit minimalt nivå og ikkje minst jobba for at andre vert meir medvitne um den viktuge rolla me alle spelar både som einskildmenneske og som lekk i eit kulturelt hopehav. Um du vil gjera ditt, vilde eg segja at det å få tak i denne boki og taka til seg bodskapen i henne, vil vera eit ovklokt fyrste steg i rett retning.

Michael Kühnen: Tru, kamp og død

Av Olav Torheim

I fjor kom Werner Brauning med den første store biografien om Michael Kühnen - ein mann som det ikkje er lett å verta klok på, men som på 70- og 80-talet skulde verta til samfundsfiende nummer 1 i den vesttyske republikken.

Den unge Michael Kühnen braut det han kalla for “den lange natti åt nasjonalsosialismen”. Han var den fyrste etter 1945 som openlyst tok til ords for ein ny nasjonalsosialisme i Tyskland. Kühnen sat 8 år i fengsel for ytringane sine, og han vart berre 35 år gamal då han døydde av AIDS.

Forfattaren og historikaren Werner Brauning hev tidlegare skrivje biografier um både Adolf Hitler og um høgge-oppisjonelle i det Tredje Riket. Han er kjend for å skriva godt og grundig jamvel um dei mest sensitive historiske emne, og det var soleides med stor spaning at eg tok til på denne meir enn 700 sidor tunge biografien.

Me likar å tru at me liver i eit liberalt “demokrati”, men kva hender med dei som ikkje gjev sin tilslutnad til den nemnde liberalismen? I land som Tyskland og Austerrike trugar drakoniske straffer dersom ein vågar stella fundamentale spursmål ved det rådande systemet eller ved den offisielle sokeskrivingi. Soleides er det viktugt å fortelja Michael Kühnen si historie, same kor ytterleggående synsmåtane hans skulde ha vore. Endå ein god grunn til å fortelja soga åt Michael Kühnen er det faktum at han målbar ei onnor stemneleid innanfor nasjonalsosialismen enn den som Hitler studde seg på etter at han var komen til makti.

Michael Kühnen var ein ung og uppegående mann som kunde ha vorte til kva som helst i det vanlege, borgarlege samfundet. Han vilde verta yrkesmilitær og var vorten løytnant då Bundeswehr sparka honom ut - eine og åleine av di han hadde drive med NS-agitasjon på fritidi si. Kühnen tok seg aldri nokor ny utdanning etter at Bundeswehr sette honom på porten, derimot rekna han seg frå då av som yrkesrevolusjonær. I det neste tiåret kasta han alle krefter inn i aktivisme, og åtte av desse åri skulde han koma til å sitja i fengsel.

Kühnen byrja aktivist-karrieren sin i det nasjonalkonservativet partiet NPD, men braut med desse av di dei etter hans syn var altfor borgarlege og og ikkje radikale nok. Kühnen sin kongstanke var å grunnleggja ei ny NS-rørsla etter modell

frå SA. Saman med Christian Worch hadde han skipa Freizeitverein Hansa, i media kalla for “Hansa-banden” - og miljøet kring denne “fritidsklubben” i Hamburg gjorde hausten 1977 upptak til å skipa “Aktionsfront Nationaler Sozialisten” (ANS).

ANS var ein kaderorganisasjon med velskula og strengt disiplinerte aktivistar. I TV-programmet “Panorama” frå 1978 kann ein sjå Kühnen og troppane hans som marsjerar uniformerte gjenom Hamburgs gator. Kühnen sin strategi gjekk ut på å setja i verk smarte og spektakulære aksjonar som gav mediemerksend til rørsla hans. Han vilde arbeida legalt og ikkje-valdelegt for å oppheva det grunnlovfeste tyske forbodet mot nasjonalsosialistisk organisering, og når dette målet var nådd so skulde det grunnleggjast eit nytt NSDAP.

Kühnen greidde med etter måten einfelde verkemidlar å få store medieuppslag um aksjonane sine. Til dømes kledde han aktivistane sine ut med kvar si eselmaske, og let dei få spasera kring med ein ekstremt provoserande plakat hangande um halsen. På plakaten stod det at: “Eg, eselet, trur framleis at jødar vart gassa i tyske konsentrasjonslæger”. Kvar dei tri millionar jødane som budde i Polen i 1939 faktisk var vortne av etter krigens slutt, det gav ikkje aksjonistane noko svar på - men so er det helder ingen historikarar som hevdar at det var innanfor grensone åt det tyske riket at dødslegrig låg, og dimed var det vandslegt for styresmakterne å gjera noko med eselmaske-aksjonen reint juridisk...

Det tok under alle umstende ikkje lange tidi fyre statsmakti slo til. Michael Kühnen vart arrestert sumaren 1978, og han vart dømd til fire års fengsel - eine og åleine for ytringane sine. Retten slo fast at han hadde gjort seg skuldig i “utbreiding av propaganda frå grunnlovsstridige organisasjonar” og “bruk av kjennemerki åt grunnlovsstridige organisasjonar” (straffelovsparagraf 86). Um ikkje dette var nok, so vart han dømd for “fornærming av staten og dei statlege symboli” (straffelovsparagraf 90).

Kühnen vart sitjande inne kvar einaste dag av dei fire åri som han var vorten dømd til. Tidi i fengselet nytta han til å byggja seg sjølv opp som ideolog og teoretikar. Jamvel utan tilgang til lesestoff, so skreiv

han det eine teoretiske og ideologiske verket etter det andre. Den viktugaste boki hans er utan tvil “Die zweite Revolution”, som han fekk smugla ut til medhaldsmennene sine. Denne boki er både eit ideologisk stridsskrift, ei organisasjonshandbok og eit personlegt vitnemål. Ho byrjar slik:

“Eg er ein nasjonalsosialist. Eg er ein stridsmann - ingen stor talar. Og slett ingen forfatter. Eg er 23 år gamal - ingen alder for memoar eller politiske filosofiar. Eg er i fengsel for skuld ytringane mine - og eg hev ingen bøker eller underlag å stydja meg på.”

“Den andre revolusjonen”

Titelen “Die zweite Revolusjon” spelar på tvo kjensgjerningar:

Den fyrste kjensgjerningi er at Tyskland hadde sin fyrste nasjonalsosialistiske revolusjon i 1933 - og Kühnen vilde strida for ein andre NS-revolusjon som skal føra nasjonalsosialismen attende til makti.

Den andre kjensgjerningi er at Tyskland i 1933 fekk ein nasjonal revolusjon - men etter Kühnen sitt syn ingen sosial revolusjon. I 1933 hadde NSDAP vunne kampen mot kommunismen, men kva med kampen mot det som SA-førarane kalla for “reaksjonen”? Ernst Röhm og Strasserbrørne vilde ha ein nasjonal og sosialistisk stat der SA skulde vera ryggrad og tena til ein “folkemilits”, men Hitler valde å alliera seg med Wehrmacht og med det gamle aristokratiet - og knuste dei gamle stridsbrørne sine i det som er vorte kalla for “natti åt dei lange knivane” den 30. juni 1934.

Michael Kühnen meinte at dette var Hitler sitt kardinalmistak, og at det var denne standpunkt-takingi for den gamle reaksjonære samfunnsordenen som gjorde at heile nasjonalsosialismen seinare skulde bryta saman. Kühnen syner til dømes til at det aldri kom til nokon folkeleg oppreist mot Hitler, derimot var det sentrale personar i Wehrmacht og i aristokratiet som freista å drepa Hitler den 20. juli 1944. Då Hitler knuste SA, so valde han å stø seg på krefter som til sjuande og sist skulde falla

Spred høgnorsk lesnad!

honom i ryggen...

Attåt denne tydelege kritikken mot Hitler so kjem Kühnen med mange andre tankar og innspel som tydelegt målber ein vilje til å modernisera den historiske nasjonalsosialismen. Kühnen avviser alle fyrestellingar um tyskarane som noko slags herrefolk og distanserar seg klårt og tydelegt frå dei gamle tyske kravi um “Lebensraum” i aust. Ein ny NS-revolusjon i Tyskland må koma som lekk i ein europeisk folkereising der alle dei ulike landi i Europa stend på like fot. Her skal ikkje Russland vera noko undantak, meiner Kühnen - og med dette bryt han skarpt med den revansjismen som ein jamvel kunde finna langt inn i det borgarlege CDU.


“Nationalsozialismus ist der Lebenswille eines Volkes, der sich in einer Partei verkörpert,” hevdar Kühnen i “Die zweite Revolution”. Han skriv vidare at programpunkti åt ei NS-rørsle er ikkje dogme, snarare verkty som skal tena til eitt einaste fyremål, og det er å sikra at eige folk yverliver.

Når Kühnen er ute att frå fengselet, so held han fram aktivismen sin i ANS. Samstundes kjem han i kontakt med Thomas Brehl og Arndt-Heinz Marx som hev starta eit nettverk av laust organiserte kameratskapsgruppur, kalla for “Nationale Aktivisten”. Sidan dei ikkje er nokon formell organisasjon, so er desse kameratskapsgruppone vandslege for politiet å slå ned på - og umoglege for styresmaktene å forby.

ANS/NA: Kaderorganisasjon og lause kameratskapsnettverk utfyller einannan
Saman med Brehl og Marx so grunnlegg Kühnen og Worch i 1982 ein organisasjon av ny type, “Aktionsfront Nationaler Sozialisten / Nationale Aktivisten” (ANS/NA). Den nye strukturen er ei vidareføring av både ANS og NA. NA er eit laust organisert lågterskeltilbod der ein kann samla eit stort umland av sympatisørar og nye rekruttar, medan dei mest velskula og mest disiplinerte fær lov å verta med i kaderorganisasjonen som er ANS. Alle kameratskapsgruppone hev samstundes ein kameratskapsfører som er kader i ANS.

I tidi som kjem gjeng det slag i slag - med demonstrasjonar, marsjar og aksjonar um einannan. Eit heilt år fekk ANS/NA halda det gåande fyre statsmakti slo til att og la ned forbod mot organisasjonen.

I Tyskland er det slik at organisasjonar er noko som styresmaktene kann forby tvert, medan politiske parti einast kann



Framsida på biografien, med bilæte av Kühnen kring år 1990.

verta forbodne ved dom i forfatningsdomstolen. Politiske parti misser partistatusen sin dersom det hev gjenge meir enn seks år sidan dei hev stelt til val, og ANS/NA vart forbode mest på dagen etter at det hadde gjenge seks år sidan ANS-skipingi i 1977. Styresmaktene hadde soleides heilgardert seg.

“Trotz Verbot nicht tot”

Medan alle tidlegare organisasjonar som styresmaktene hadde forbode hadde gjenge i frø, so hende det motsette med ANS/NA. Kühnen hadde fyrebudd seg på at forbodet kom, og han hadde strategien reidug for korleis ein kunde arbeida vidare etter eit organisasjonsforbod. ANS/NA hadde gjeve ut tidskriftet “Die Neue Front”, og dette tidskriftet heldt fram som sjølvstendig blad etter forbodet. Samstundes heldt dei ulike kameratskapsgruppone fram verksemd i si, men no var dei for “lesekrinsar” kring “Die Neue Front” å rekna.

ANS/NA-aktivistane kom dessutan i kontakt med det sovande mikropartiet “Freiheitliche Deutsche Arbeiterpartei” (FAP). FAP hadde vorte grunnlagt i 1978, men hadde på midten av 80-talet berre eksistens på papiret. Den aldrande FAP-grunnleggjaren Martin Pape tilbaud Kühnen og medhaldsmennene hans å taka yver FAP og på den måten få ei legal plattform å arbeida frå, og slik vart det. Under leiding av Kühnen vart FAP vekt til nytt liv.

Eit år etter at forbodet kom, so laut styresmaktene slå fast at Kühnen og kampfelagane hans var sterkare og betre organiserte enn nokosinne.

Kühnen kjenner at det tek til å brenna under føtene hans, og han reknar med det berre er eit spursmål um tid fyre han hamnar i fengsel att. Han vel difor å stikka av til Paris, der han bur hjå europeiske kampfelagar. Frå eksilet sitt i Frankrike held han fram med å styra rørsle si. Til slutt vert han likevel arrestert av fransk politi og



Eit bilæte som gjekk verdi rundt: ANS-aktivistar på gata i Hamburg i 1978. Lengst til venstre ser ein Michael Kühnen, dinæst Christian Worch i MC-hjelm.

deportert attende til Tyskland. Der ventar det ei ny rettssak i Frankfurt - og nesten fire nye år i fengsel.

Homofil nasjonalist, javisst!

Tidlegst på 80-talet vart ein homofil ANS-aktivist drepen av andre ANS-aktivistar. Hendingi gjekk sterkt inn på Michael Kühnen, som svara med å skriva ei eigi skrift um homofili og nasjonalisme. Etter Kühnen sitt syn er det ikkje slik at nasjonalisme og homoseksualitet stend i motstrid. Tvert imot er det slik at det stødt kjem til å finnast homofile i eit samfund, og dei homofile hev si eigi rolla å fylla.

Homofile kann til dømes ikkje få born og grunnleggja ein familie, og soleides kann dei i staden gjera seg sjølve udødelege med di dei sikrar eksistensen åt heile folket og nasjonen. Kühnen dreg til dømes fram dei spartanske soldatane som slost ved Thermopylane, og han hevdar at dei homoerotiske bindingane som var millom desse soldatane var med på å sikra samhelde og kampmoral. Kann henda ein kann gå so langt som å hevda at det var dei homofile som berga Europa?

Ekteskapet millom mann og kvinne, familien, er heilt grunnleggjande for å sikra at eit folk held fram med å eksistera. Samstundes so kann ikkje eit folk eksistera i lengdi utan at det finst ein struktur som held det heile i hop, og det er staten. Upp gjennom saga er sterke statar vorte skapte og sikra av ymse slags mannlege kamphopehav, "Männerbund". Medan heteroseksualiteten er naudsynt for å føra vidare eit folk, so er den maskuline homoseksualiteten naudsynt for å skapa dei strukturane som

sikrar eksistensen åt dette folket, hevdar Kühnen.

Stødt fleire gjetord tok til å gå um at Kühnen sjølv var homoseksuell, og det same galdt Thomas Brehl - mannen som Kühnen hadde sett til å styra rørsla medan han sjølv var i fengsel. I 1986 kom det til eit internt opprør mot Brehl, og rørsla vart kløyvd - for eller imot den påstått homofile Michael Kühnen. Det tok til å koma ut tvo konkurrerande utgåvor av "Die Neue Front" og FAP vart kløyvd i tvo motstridande fraksjonar.

Kva med Holocaust?

Korleis Kühnen steller seg til brotsverki åt den historiske nasjonalsosialismen kjem aldri tydeleg fram i skriftene hans. Vert temaet rett og slett for vandslegt å taka stoda til? Ei brevveksling med den jødiske journalisten Erich Fried under det andre lange fengselsuppheldet er det einaste undantaket. Fried fortel Kühnen at heile familien hans vart burte i konsentrasjonslæger, og svaret frå Kühnen er ei slags heilgardering. På den eine sida so syner Kühnen til ymse slags holocaust-revisjonistisk litteratur, som skriftene åt Louis Faurisson. På den andre sida so er han open for at desse brotsverki faktisk kann ha skjedd, men han avviser at dette er brotsverk som logisk fylgjer frå den nasjonalsosialistiske ideologien.

Nasjonalsosialismen forsvarar alle folkegruppur sin rett til å eksistera, hevdar Kühnen. Dersom nasjonalsosialistar skal ha gjort seg skuldige i folkemord, so er dette brotsverk gjorde i nasjonalsosialismens namn - men det heiter ikkje at det var

nasjonalsosialistiske brotsverk, snarare tvert imot. Dette er ei form for apologi som i grunnen ikkje er so heilt ulikt den som vinstre-sosialististar av alle fargetonar nyttar når dei skal taka stoda til Lenin og Stalin sine godt dokumenterte brotsverk - og som dei jamvel plar sleppa undan med...

Michael Kühnen var dessutan tydeleg på at han ikkje hadde noko imot innvandrarar som einskindmenneske, det var masseinnvandringi han var imot. I den fyrste ANS-tidi i Hamburg hadde han dessutan ein svart afrikanar millom aktivistane sidan. Han var godt umtykt millom dei hine kameratane og han skal ha vore ein av dei hardaste gatekjemparane i møte med vinstre-radikale motmänner...

Jamvel Kühnen sine argaste motstandarar laut sanna at Kühnen ikkje på nokon måte svara til det fiendebilætet som folk flest hev av ein "nynazist". Han var ein mann som var svært høfleg, som møtte folk respektfullt med eit solid handtrykk og som andynes meiningsmotstandarar kunde ausa or seg med kunnskapar og saklege argument. Det var nett dette som gjorde honom so færlig...

Murens fall og nye framveggar

Når Kühnen kjem ut att frå fengselet i 1989, so er det berre eit hundraddtals lojale stydjespelarar att av rørsla hans. Kühnen sjølv byrjar dessutan å kjenna på ei skrantande helsa. Kühnen og venene hans set alle klutar til i ein freistnad på å stella til val med ei openlyst nasjonalsosialistisk lista i Frankfurt og Langen i Hessen, men styresmaktene forbyr lista berre dagar fyre valet - og det er i staden NPD som kann hausta fruktene av Kühnen si valkampanje.

På mange måtar er Kühnen-rørsla på slutten av 80-talet komi på felgen. Mange av Kühnen sine næraste stydjespelarar byrjar ta til ords for ei ny politisk lina som ikkje lenger knyter seg direkte opp mot den historiske nasjonalsosialismen, som med Christian Worch si "Nationale Liste". Worch vert verande lojal mot Kühnen, men det er tydeleg at Kühnen ikkje lenger hev den uavgrensa autoriteten millom stydjespelarane sine som han ein gong hadde.

Kor som er so vert Kühnen berga av ei hending som ingen kunde sjå fyre seg berre nokre månader fyreåt: Murens fall og opningi av grensa millom BRD og DDR.

Michael Kühnen var millom dei fyrste til å taka seg yver til DDR, og her kom han i kontakt med nasjonalsosialistar som hadde vore i opposisjon til DDR-regimet. Det er likt til at namnet Michael Kühnen alt er vorte kjent millom nasjonalistisk ung-

dom i heile DDR, og på stutt tid hev han fenge tusundtals aktivistar i Aust-Tyskland. I Lichtenberg i Berlin okkuperar Kühnentrugne ungdomar ei heil gata, og nyttar husi der både som bustader og aktivistsentrum - på same måten som vinstreautonome hev gjort det tidlegare.

Dei vinstreautonome frå Vest-Berlin (vinstreekstremer punkarar og andre sosiale utskot som ikkje fanst i det gamle DDR) freistar gå til motaksjon og vil storma huset i Weitlingsstrasse, men politiet kjem imilom og dei vinstreautonome klarar ikkje å bryta igjennom politisperringane. Dette kann dei vinstreautonome prisa seg lukkelege for: Kühnen-tilhengjarane hadde væpna seg og hadde ikkje sleppt motstandarane inn i huset for nokon pris. Dette kann ein til dømes sjå videoupptak på i dokumentarfilmen "Nach Hitler - Deutschlands radikale Rechte rüstet auf".

Hausten 1990 kjem det endå ei uventa storpolitisk hending: Irak invaderar Kuwait og tidlegt i 1991 svarar USA med "Operation Desert Storm". Kühnen sitt siste politiske krumspring er at han kjem i kontakt med den irakiske ambassaden og gjer avtala um å senda aktivistane sine som frivilljuge til Irak. Det skal skipast ein eigen "legion" av tyske nasjonalistar som skal kjempa i irakisk uniform - på same måten som tyske "Legion Condor" i si tid kjempa for nasjonalistane i den spanske borgarkrigen. Gulfkrigen var under alle umstende forbi etter berre eit par månader, og det er uvisst um nokon som helst rakk å koma seg til Irak fyre krigen var slutt.

AIDS-sjukdom og død

Tidleg i 1991 var Kühnen sjølv vorten so dårleg at han vilde draga seg heilt burt frå ålmenta. Han gøymde seg burt på ein stad som berre hans næraste vener kjende til, men han vart spora opp att av politiet som finn honom medan han ligg dødslægjet. Dei tek honom med til Kassel der han vert lagd inn på sjukehus. Kühnen døyr av AIDS, berre 35 år gamal.

Kühnen hadde heilt til det siste halde tett um at han var HIV-positiv. Soleides hadde han helder ikkje søkt nokor hjelp eller nytta seg av medikant, men halde ut med sjukdomen heilt til siste slutt. Med dei vali som han hadde gjort i livet sitt, so hadde han på slutten pådrege seg det tridubbele stigmaet at han var både "nynazist", homofil og AIDS-pasient.

Christian Worch fær oppgåva å få Kühnen gravlagd. Men ingen stader er styresmaktene viljuge til å lata honom få leggja ned urna. Ikkje i Kassel der han døydde,



*Christian Worch heldt fram aktivismen etter Kühnens død.
Her frå ein FAP-demo i Fulda i 1993.*

ikkje i Langen der han budde, ikkje i Bonn der han voks opp. Når Kühnen til slutt vert gravlagd i Kassel, so kjem gravfylgjet under åtak frå vinstreaktivistar som bombarderar dei med flaskor og steinar.

Og det stoggar ikkje der. Ei tid etter gravferdi hev vinstreaktivistar vore på ferde og grave opp att urna hans. Gravskjendarane fortel i ei anonym pressemelding at dei hev teke Kühnen si urna og grave henne ned att ein stad i skogen. Dei var kann henda ikkje klår yver at det var nett noko slikt som Kühnen sjølv ynskte seg, men ikkje kunde få lov til? På denne måten er dei vinstre radikale ufrivilljuge med på å byggja opp um myten kring Kühnen: No kann gravi hans vera kvar som helst, og dimed er ho yveralt...

Arven etter Kühnen

Når Kühnen er burte, so misser den tyske NS-rørsla ein av sine viktugaste ideologar, talarar og tenkjarar. Men kanskje hadde han rett og slett gjort sitt? Då Kühnen og Worch skipa ANS i 1977, so var det for fyrste gongen sidan krigen at nokon hadde stabla ein openlyst nasjonalsosialistisk kamporganisasjon på føtene att. Den strasseristiske Hitler-kritikken, dei all-europeiske perspektivi, dei uformelle kameratskapsgruppone som var umoglege å forby - og ymse slags arbeidsmåtar som dei vinstre radikale tidlegare hadde vore åleine um - alt dette var nye tilskot som Kühnen kom med både teoretisk og praktisk. Kühnen freista å revitalisera og modernisera nasjonalsosialismen, men det var samstundes ikkje til å koma i frå at dei romantiske og hardnakke fyrestellingane hans um ein

ny "SA-stat" var vonlaust utdaterte.

I tidi etter Kühnens død heldt Kühnens nestkommanderande, Christian Worch, fram med å vidareutvikla gamle idear og arbeidsmåtar, til dømes med konseptet um "frie kameratskapsgrupper" - der han tok opp tråden frå Brehl og Marx sine "Nationale Aktivisten" frå tidlegt 80-tal.

Sidan 1990-talet hev det vokse fram eit stort spektrum av nasjonalistiske organisasjonar og grupper i Tyskland som arbeider vidare for ein "Nationaler Sozialismus", men med moderne estetikk og tidsrette arbeidsmåtar - og med politiske perspektiv som er europeiske i staden for sneversynt tysk-nasjonalistiske. Grunnlaget for mykje av dette var det Michael Kühnen som la, jamvel um han sjølv var eit barn av si eigi tid og aldri makta å fri seg frå den gamle NS-estetikken og SA-romantikken.

I våre dagar finst det ikkje ein einaste tysk organisasjon som vil vedkjenna seg nokon slags "Kühnen-tradisjon". Ikkje minst det at han var homoseksuell hev gjort Kühnen til ein person som mange nasjonalistar helst berre vil gløyma. Kor som er: Med "Michael Kühnen, Porträt einer Deutschen Karriere" hev Werner Brauning dokumentert at namnet Michael Kühnen ikkje er til å koma i frå når soga um den tyske etterkrigsnasjonalismen skal skrivast. Ein kann ikkje lenger høyra honom, ein kann ikkje lenger sjå honom, han vert ikkje lenger snakka um - men han er der enno...

«Pass på at det ikkje vert slik i dykkar land som det er i vårt!»

Av Peter Schreiner

Det er torsdag og middagstid. Eg gjeng ikring i byen min saman med nokre vener, og det fyrste me ansar på er ein demonstrasjon. Det er ikkje so mykje som hender ute på gata. Utanum nokre unge damor som skrik "Stop Deportations!", so er det inkje å høyra.

So tek demonstrasjonstoget til å røra på seg. Demonstrasjonen er sett saman av ein handfull tyskarar og ein stor flokk med karar frå Midtausten. Nokre av dei gjeng på krykkjor, andre ser heilt normale ut. Dei fleste med dystre blikk. Frå bilane lyder orientalsk musikk. Vanlege folk gjeng rett forbi – sume likesæle, andre med nervøse andletsuttrykk.

Seinare råkar me på demonstrantane att. Denne gongen vert dei berre ståande, og enno ser det ikkje ut til at nokon gjev gaum på deim. Ein mann ropar eitkvart radt energisk i megafonen sin – på eit språk me ikkje skynar. Utanum politiet so er det ingen som ser på dei. Ei dama umset det som vert ropa ut. Han skal ha sagt at "Me er ikkje her for skuld pengar. Me er komne for å arbeida! Me vil ha språkkurs! Kvifor lyt me venta so lenge? Me vil ha husvære!" Eg er i denne augneblinken slett ikkje so viss på um det verkelegt var rett umsett, men sjølv kunde ikkje noko av det nemnde språket.

Eit par dagar seinare møter eg ei veninda. Ho er sjølv komi frå Midtausten. Ho tek sjølv eit språkkurs i tysk, og eg tykkjer ho hev fin framgang – når ein tek med i reknestykkjet kor stort fråstandet er frå hennar eige tungemål til tysk eller engelsk. Ho talar både engelsk og tysk på staukande vis, men me kann like fullt føra ei greid samtala. Samstundes stend fjernsynet på, der ei scena frå Berlin vert stråla ut: "2016: Talet på brotsverk utført av flyktningar gjeng attende".

Veninda mi ytrar seg reint energisk um nett dette – halvt på engelsk og halvt på tysk. Ho segjer at ho vågar ikkje lenger å ta seg ut på gata. Me er samde um at denne nyhendemeldingi neppe kann vera rett. For når ein gjeng ikring i byen so er det alt anna enn fredelegt. På radio høyrer ein ingenting, i media kjem berre toppen av isfjellet fram.

Veninda mi er noko for seg sjølv – for ho ber ikkje noko hovudplagg lenger, ho reknar seg ikkje ein gong lenger som muslim. Kvifor det er slik, det hev eg aldri spurt henne um. Eg hev helder ikkje nokon gong spurt henne um kvifor ho kom til vårt landet, og det med av respekt – for eg hev kjensla av at det ikkje kann ha vore noko lett for henne. Eg trur ikkje at ho nokon gong kann reisa attende til heimlandet sitt. Når ho fortel um landet sitt, so seg-



jer ho alltid at det er vorte ille. Svært ille. For 50 år sidan kunde ein framleis liva fritt der, og mor hennar slapp tidlegare å gå med hovudplagg. I dag vert alle menneske handsama som viljelause dyr, og serskilt kvinnor.

Ho fortel meir frå språkkurset sitt. Ho segjer at ho likar språkkurset godt og at ho tykkjer vel um lærarinna. Men ho fortel ogso at ho er redd for arabarane og mennene frå Nord-Afrika. Ho fortel meg at dei segjer alltid at "Dette er vårt land no, kvifor skal me slita oss ut?". Eller at "Snart er alt vårt, berre vent". Mange på kurset skynar kva desse mennene segjer, men ingen kann gjera noko. Ingen veit kven ein skal venda seg til. Frå utsida sett so framstår desse mennene heilt onnorleides. Til lærarinna fortel dei at dei er komne til oss for å liva i fred og fridom. På deira eige språk talar dei derimot um hertaking og krig. Um det kakestykkjet som etter den lange reisa deira ventar på dei her.

Det finst menneske som verkelegt hev god grunn til å flykta. Desse høyrer til forfylgde religiøse minoritetar. Dei nordafrikanarane og arabarane som eg skodar i byen um natti og i helgane, dei høyrer ikkje med til desse. Dei ter seg som okkupantar i ventetilstand, som hertakarar. Ein kann ikkje sjå dei i augo. Eit blikk kann bokstavelegt tala drepa. Damor glanar dei rett i brystsprekka, dei spring etter dei og ter seg trugande. Mange kvinnor hev alt for lenge sidan teke til å styra undan offentlege plassar. Det er ingen løyn-dom, men likevel er det ikkje noko som ein vågar snakka høgt um. Folk er redde, redde for for å segja sanningi. Dei er redda for karrieren sin, for umdømet sitt som "frigjord" kvinna, for å ikkje vera "sexy" nok, for å framstå som gamalmodig og intolerant. Det er likt til at det er viktugare for dei å sleppa problem og å verta sett upp til sosialt. Då er det trygge valet å flyta med straumen og ikkje å stikka seg ut på "negativt" vis. Det er viktugast å vera konform, innanfor "normi" – og å

gjera det som staten segjer. Ikkje å gjera det som ein sjølv ynskjer eller tykkjer er rett.

Det er som i DDR, berre verre. Vinstresida sine fridomsverdiar er vortne umdana og slusa inn i ein totalitær ideologi. Ein ideologi som driv menneske til å lata seg trakka på, til å finna seg i saker og ting som dei i grunnen avskyr og hatar. Det er ikkje godt å skyna kvifor menneske som talar varmt um kvinnerettar og minoritetsrettar, eit privilegium som dei hev i vårt land, samstundes kann massivt stydja upp um menneske som ikkje hev noko til yvers for desse verdiane. Menneske som ikkje bryr seg katten um den kulturen som hev lagt grunnlaget for at me kann få desse rettane og fridomen. Me kann soleides kalla dei for medlauparar, kollaboratorar. Det er det ikkje fyrste gongen me uppliver i Tyskland. Men no i namnet åt den totale toleransen, det totale framsteget. "Alles für Merkel. Bis in den Tod".

Eg segjer til henne at eg i årevis ikkje lenger hev skyna kva det er som skjer, og kvifor serskilt dei unge menneske er med på dette. Eg skynar ikkje kvifor me øydelegg oss sjølve og at det um 50 år kanskje ikkje finst noko tysk folk meir. Då ser ho på meg med trist andlet og tårer i augo. "Eg skynar det ikkje, det er fælt. Dei må då tenkja, dei med, på familien sin? I vår kultur tenkjer me fyrst og fremst på familien vår. Det er det normale. Det som skjer i dykkar land, Tyskland, det er ikkje normalt. Skynar du?" Ho ristar på hovudet, med eit ålvorlegt blikk.

Eg minnst demonstrasjonen. Det er eit ovstort gap millom kva desse menneski segjer ope til oss og kva dei segjer til kvarandre. Når eg tenkjer på veninda mi som er frå den same regionen, so tenkjer eg verkelegt: Ho kann enno liva einkvan staden i den frie verdi. Enno. Alt det som ho hev sagt um spursmáli som plågar meg, dei kokar ned til dette kjernepunktet: "Ver so snild, pass på at det ikkje vert slik i dykkar land som det er i vårt!"

Åleine mot alle

Av Siv-Kari Hjelmås Johansen

Når Shoab Sultan kunde skriva rosande um Jan Kallevik og S.H.A.R.P.-pøbelen sine valdseksessar på 1990-talet, so kann vel me i Målmannen få lov til å heilt nøytralt ta fyre oss ei bok som fortel liknande historier frå den "andre sida"? Boki me talar um heiter "Jag var där - minnen från 20 år av gatukamp" og kom ut i fjor på Motgift Forlag.


Det fanst ei tid fyre Sverigedemokraterna kom i Riksdagen. Fyre Arktos og Identitær Ide. Fyre Salem-manifestasjonane. Fyre Frie Nasjonalister og Nationaldemokraterna. Det var ei tid fyre nasjonalismen fanst som nokor politisk kraft i Sverige, men der eit kringvære av unge skinnskallar stod åleine på gata mot yvermakti åt valdelege vinstreestreme, brutalt politi, sjokkerte topp-politikarar og velmeinande "samfundsstøtter".

I "Jag var där" fær me eit attersyn med Karl XII-demonstrasjonane på 80- og 90-talet. Med gateslaget i Lund i 1991 der ein ung skinnskalle vart drepen av Politiet. Me fær vera med skinnskallane når dei stend vakt for Sverigedemokraterna på gatemøte - og når Sthlm Skins er ute på jakt etter vinstreestreme i Stockholms gator. Møtestaden er Gamla Stan.

Det er ein munnleg forteljartradisjon som ein med historiene i "Jag var där" hev sett ned på papiret. Sumtid kallar dei på låtten, andre gonger vekkjer dei berre skrekk. At mange må ha livd eit tøft liv er ikkje mykje å lura på.

Boki inneheld til tider sterke skildringar av grov vald. Jamvel i møte med meiningsmotstandarar so hev dei nasjonale skinnskallane ein viss æreskodeks: Når motstandaren er slegen i bakken, so er dei ferduge med honom og han fær liggja i fred. Men det finst undantak: I eit av kapitli fær skinnskallane auga på ein vinstreestremist som hadde mishandla ei nasjonalsinna gjenta. Folk som hev gjenge laus på gjentor fær spesialhandsaming, og det tek ikkje slutt etter at vedkomande ligg nede. Mannen vart liggjande i vikesvis på sjukehus etterpå...

"Jag var där" er ei brutalt ærleg bok. Den siste hendingi som dei fortel um er frå 2006 - og grensa for kva som vert fortalt gjeng soleides ved foreldingsfristen på 10 år. Dei anonyme forfattarane hev gjeve oss ei bok som ikkje er for sarte sjeler, men som gjev eit unikt vitnemål frå ei tid då svenske nasjonalistar bokstavelegt tala laut slå seg igjenom.



Musikksmaken er som baken

Bjarte Rundereim kjem i dette nummeret med sterk målpolitisk kritikk av Målmannen-redaktør Torheim. Men det er ikkje berre ris som Rundereim vil gje oss, i fylgjebrevet hans kjem det jamvel litt ros:

"Eg har mine meiningar om demokrati, men eg prøver å hugsa at det finst andre meiningar og synsvinklar enn mine som kan vera like sanne i den store samanhangen.

Dette nummeret av Målmannen vart eit større tidssluk enn vanleg, avdi det var mykje interessant lesestoff.

Særleg er det interssant å kunna registrera at sjølv J-M Le Pen har fornuftige tankar om globalisering og verdsøkonomi, tankar som berre vanskeleg finn fotfeste i noverande norsk venstreside. Historiske grunnar, sjølvsagt, men likevel.

Kort sagt: Eg set stor pris på dette abonnementet."

Målmannen-redaktøren hev dessutan vore i samband med ein ung, nyrekruttert tingar frå Bergen som fortel at han vart serskilt oppglødd yver å lesa intervjuet med den tyske rapparen Makss Damage:

"Målmannen fortsetter å overraske meg med artikler om de temaene jeg minst hadde ventet meg. Nå senest altså med et svært interessant intervju med en rap-artist. Rap er nettopp den typen musikk som jeg har vokst opp med og som jeg ennå liker best å lytte til."

Til lags åt alle kann likevel ingen gjera. For samstundes med dette fekk me oppsegjing frå ein annan tingar, som grunnjev det heile med at han "ikkje deler bladet sitt musikalske syn".

Målmannen hev freista skriva um dei mest mangslungne musikkgenrar, frå svartmetall til kyrkjemusikk, frå upolitisk finsk stemningsmuikk og country frå Hallingdal til tung politisk rap og hardcore frå Tyskland. Kor som er so ynskjer me alltid å verta betre, so kom gjerne med innspel um kva du vil lesa meir (eller mindre um i bladet).

Dersom du segjer opp bladet so er du alt tapt for oss - og me kann ikkje gjera anna enn å gjeva dei tingarane som held fram meir av det som dei vil ha. Konstruktive innspel frå trugne tingarar og stydjespelarar er derimot gull verd!

Med høgnorsk som våpen Av Ole Peter Galaasen

Bredden i det norske landskapet av dissidenter og kontrære er i vekst, fra venstrenasjonalisten Trond Andresen til de infantile trollene i Kokohøyre. Trump, Brexit og fremveksten av ytre-høyre i Europa vil utvilsomt prege det politiske landskapet i årene som kommer.

En av stemmene som skiller seg ut her til lands er Olav Torheim. Med en doktorgrad i fysikk kan han ikke uten videre avskrives som en med begrensede kognitive evner. Jeg tok en prat med høgnorsk-forkjemperen for å forstå hans ståsted.

– Eg voks upp på Landås i Bergen og vart tvospråkleg: Nordfjordmål heime og bergensmål ute på gata. Jamvel som liten hadde eg ei fyrestelling um at det var nordfjordmålet som var det ekte, autentiske og reine. Det var det som var meg – medan det bergenske var noko eg måtte ta på meg som ei maske når eg var ute millom andre born, skriver han per epost.

– Eg nytta fyrste høve til å kasta av meg bergensdialekten då foreldri mine flutte til Volda. So alt fyre eg var byrja på skule var eg vorten målmedviten. Eg las flestalle bøkene i serien til Norsk Barneblads Forlag – og soleides fekk eg lesa dei gamle klassikarane på nynorsk, som til dømes bøkene åt Jules Verne.

Både på barneskulen og på ungdomsskulen so freista eg skriva so konservativ nynorsk som råd er – men eg hadde nokre mentale sperror enno, eg trudde eg laut halda meg innanfor det som var «lov» og at ein ikkje kunde gå for langt.

– Fyrst då eg som 17-åring kom yver bladet Vestmannen, so forstod eg at det faktisk var mogleg å taka steget fullt ut og skriva reint Aasen-mål. Vestmannen hadde ei lang lista yver ymse slags høgnorsktiltak, og eg slo nummeret til den unge formannen i Vestlandske Mållag, Lars Bjarne Marøy. Det var byrjingi på eit engasjement for høgnorsken som no er inne i det tjuande året.

Tidsskriftet Maalmannen

I arbeidet med å spre høgnorsk har han, sammen med andre entusiastar, etablert et dedikert tidsskrift for denne særegne dialekten.

– Målmannen vart skipa i 2002, etter at ei gruppa høgnorskungdomar hadde tapt striden i Vestmannalaget um bladet Vestmannen. Medan Vestmannalaget hadde forfalle til å vera ein nostalgisk koseklubb for



penjonistar, so ynskte me å få høgnorsksaki attende på den offentlege dagsetelen. Då trong me eit målpolitisk organ, og slik såg Målmannen dagsens ljós.

– Me byrja som eit reinodla språk- og kulturtidsskrift, men er sidan vortne meir politiske. Jamvel um den raude tråden i Målmannen framleis er vern um norsk mål og kultur, so tykte me ikkje det kunde stogga der.

– Den kulturelle og nasjonale utvatningi i våre dagar er berre ein konsekvens av det nyliberale systemet me liver under. So i dei seinaste 10 åri hev me havt ei litt meir radikal tilnærming til målstrevet.

Den tredje vei

I et stadig mer fragmentert politisk landskap er den politiske bevegelsen, den tredje vei, et naturlig valg for den språkbevisste ungemannen.

– Ein nasjonalisme som ikkje er sosial, det vert berre eit verkty til å manipulera folk. Og ein sosialisme som ikkje er nasjonal, han kjenner ingen grensor og er difor ikkje i stand til å løysa oppgåvone sine. Nasjonal og sosial er ord som kann skapa til assosiasjonar til eit myrkt kapittel i saga, men so lenge nasjonen er for eit folkehopehav å rekna, so er det klårt at nasjonen hev ein sosial dimensjon òg.

– Her til lands hev FrP skapt ein falsk dikotomi der ein ikkje kann vera innvandringskritisk utan at ein samstundes er økonomisk liberal og proamerikansk. Det var ein periode då eg beit på dette, eg òg. Men under studietidi mi i Frankrike so tok eg til å interessera meg for ideane åt det franske nye høgre, og det opna nye perspek-

tiv.

– I dagsens rotlause forbrukarsamfund so er det slik at ein ikkje lenger treng menneski ikring seg. Pengar fær ein frå arbeidsgjevaren sin og alt det andre kann ein kjøpa seg. Men um ein fell utanfor dette systemet so er ein ikkje til nytte for nokon lenger. Der ein før hadde grannar og storfamilie som kunde trø stydjande til um ein fekk problem, so idest dei falske venene og kontaktane dine knapt å møta deg til ei øl um du ikkje lenger er til nytte i «nettverksbyggjngi» deira. Utan det råmeverket som nasjonen gjev oss so er me alle isolerte manipulasjonsobjekt som kanskje sjølve trur me er frie – men der til dømes «big data» syner at me til sjuande og sist handlar som ein einaste stor saudeflokk.

– Um me skal få nasjonen på føtene att, då må me byrja med nett det sosiale. Skapa solidariske strukturar der vanlege folk atter kann finna sin plass. Og då talar eg um strukturar tufta på blodsband, venskap og sams verdsåskodande fyrestellingar – ikkje eit andletslaust NAV-system der kassa ein dag er tom.

Når det er sagt, so trur eg ikkje noko på at «nasjonalisme i eitt land» er mogleg. Difor er eg for både ein nordisk og ein europeisk einskap, men det må vera ein organisk einskap og ikkje ein nivellerande og einsrettande einskap – slik EU-systemet er det i dag.

– Dessutan so hev norsk «nasjonalisme» havt tvo andlet: På den eine sida hev ein havt motkulturane som hev stade for desentralisering og kultur mangfelde, og på den andre sida hev ein havt kulturen åt den gamle embetsmannsstaten, der dansk-norsk

mål og kulturen åt ein penge- og ressurssterk minoritet skulde trykkjast ut yver heile Noreg.

– Det hev vore ein einsrettande stat-snasjonalisme som både hev øydd lokal kultur og som hev skapt kunstige skilje mot både Island og Sverike. Men det kann ikkje vera slik at det lokale skal stå i motstrid til det nasjonale. For meg er det det lokale og det europeiske som er det viktugaste, og soleides hev eg mange av dei same ideane som franske Alain de Benoist og italienske Gabriele Adinolfi hev kasta fram.

Politiske forbilder

– Gabriele Adinolfi hev eg nyss nemnt. Han hev vore både aktivist, ideolog og inspirator for nasjonalistar. Han byrja som kompromisslaus aktivist – og kjempa for ein tridje europeisk posisjon – mot både kapitalisme (USA) og kommunisme (Sovjetunionen). Når denne tidi var forbi so nytta han røyntone og kunnskapen sin til å etablera seg som politisk og ideologisk tenkjar. Ein mann som byrjar verta gamal i kroppen no, men som framleis er like ung i sinnet. Det same kunde ein ha sagt um Dominique Vener (RIP). Ein gløymer ofte at dei største tenkjarane og ideologane var folk som faktisk hadde kjent og røynt kamp og strid på kroppen. Dei rette tankane kjem ikkje frå lause lufti.

Bakgrunn fra både høyre- og venstresiden

– Eg hev vore innum mange ulike politiske rørslor og organisasjonar, både til høgre og vinstre, men eg tenkjer at eg hev alltid havt hjarta på den same staden. Det var til dømes aldri noko tidspunkt der eg lurte på um eg skulde gå i militæret eller taka siviltenesta, det var klårt for meg heilt frå at eg var liten gut at militærstenesta var noko eg berre skulde eg gjera.

– Militærnektarar såg eg nær sagt på som landssvikarar då eg var liten. Eg vart svært tidleg politisk interessert og såg på Dagsrevyen kvar dag frå eg var seksåring. Eg tilbringa alle sumrane mine i Ytre Nordfjord der foreldri mine er frå. Der hadde eg tallause diskusjonar med morfar min som var både fiskar, skogsarbeidar og saudebonde. Eg fekk det svært tidlegt innprenta at EF-medlemskap var eit trugsmål mot Noreg. Morfar min var gamal sjømann og hadde vore langt inne i «svar-taste Afrika» med tankbåt. Men endå so stor interessa hans var for andre kulturar og folk, so var han klår på at Noreg skulde vera norsk og at ikkje-vestleg masseinnvandring



Borkne i Ytre Nordfjord, slik bygdi såg ut frå sjøsida fyre vegen kom i 1983.

var ein uting.

– Når eg vart eldre so las eg mange politiske og ideologiske bøker for å kunna grunnje kvifor eg hadde dei meiningane som eg hadde, men når ein ser på standpunkti mine i konkrete saker som hev vore viktuge for meg, so hev ikkje desse endra seg stort. Soleides trur eg at den grunnleggjande verd-såskodingi mi må ha forma seg tidleg, og det er vel «blod og jord» som er stikkordet der.

– Eg hadde ein periode i slutten av tenåri og byrjingi av 20-åri der eg var med i Raud Valallianse og ML-gruppa Revolusjon. Men den gongen med var det det nasjonale som tiltala meg: Dei vilde ha eit sjølvstendig sosialistisk Noreg, lausrive frå både NATO og EU. Dei prioriterte Målungdomen som ein av frontorganisasjonane sine. Dei solidarisererte seg med den kampen som andre folk førde for nasjonalt sjølvstende, til dømes i Kurdistan og Nord- Irland.

Heile den leninistiske ideen um å skapa eit kader-parti som førde folkemassen fram til revolusjon var noko som fascinerte meg. Samstundes var det mykje som eg aldri kjøpte. Til dømes so var dei heilt på jorden i innvandrings- og verdispursmål. Serskilt synet deira på innvandring fekk eg langt upp i halsen: I staden for å arbeida for betre vilkår for norske arbeidsfolk, so legg ein til rettes for å importera ein ny underklasse.

– I staden for ein sosialstat basert på solidaritet, so skal me godtaka at folk frå alle verdsens kantar skal få nytta seg av våre velferdsordningar av di me sjølve liksom hev det so altfor bra... Og den fagre ideen um å skapa ei eliterørsla framstod meir og meir som rein valdsromantikk når det endelege målet likevel ikkje skulde vera

noko anna enn å skapa eit egalitært samfund.

– Men det siste spelar i grunnen ingi rolla: Etter at mangkulturalismen deira hev dekonstruert heile det råmeverket som det norske folket treng for å kunna reisa seg kollektivt, so er revolusjon berre gløyma. Det enda difor med at eg vende marxismen-leninismen ryggen. Men ikkje for å verta mindre radikal, snarare tvert imot.

Henter inspirasjon fra esoterisk tradisjon

– Kanskje det vil yverraske sume, men det esoteriske og religiøse spelar faktisk ei svært liti rolla for meg. Jamvel um eg las heile Bibelen frå perm til perm som sjuåring, so hev eg alltid vore ein jordnær person. Nasjonalismen er ein handgripeleg ide, ein doktrine som gjeng ut på å setja sitt eige folk fyrst. Ein kann vera norsk og nasjonalist anten ein er kristen, ateist eller nyheidensk. Um ein til dømes ser til Frankrike, so stend både katolske Civitas og nyheidenske Terre et Peuple saman um å verna europeisk identitet.

– Eg hev havt stort utbytte av å læra og fordjupa meg i ideane og forskingi åt Frode Jens Strømnes. Han kunde ettervisa at ulike språk svara til ulike fyrestellingsverder, ulike måtar å sjå og forstå verdi på. Det som var so hugtakande for meg var nett det at Strømnes med dette kunde slå fast at nasjonalisme og målsak var meir enn svermeri.

– Det høyrer med til den tyske romantikken frå Herder og Fichte si tid at kvart eit språk svara til ei viss «folkeånd». Endå um desse romantiske tankane i moderne tid er vortne avvist som nett romantikk, so kunde Strømnes ettervisa at dei svara til ein heilt handfast røyndom som ein kunde finna fram

til med vitskaplege og eksperimentelle metodar.

– Når det er sagt, so hev eg sansen for den integrale tradisjonalismen åt Rene Guenon. Um ein legg Guenon sine tankar til grunn, so kann ein ikkje kalla oss som strir for nedervd tradisjon og kultur for reaksjonære. Tvert imot, me er revolusjonære – med di me vil restrukturera samfundet etter idear som er evige.

Ideane som tradisjonen målber kann kanskje verta dimma ned for ei tid, men dei vert aldri burte.

– Tradisjonalismen gjer det dessutan mogleg å stø og forstå den kampen som andre folk på jordi fører i møte med den einsettande moderniteten – dei er alle ulike uttrykk for den same ævelege Tradisjonen med stor T. Til dømes hev eg havt stort utbyte av å lesa bøkene åt den afrikanske nasjonalisten Kemi Seba.

– Her kann ein draga ein parallell til vårt eige norske målstrev: Den integrale tradisjonen er for dei ulike kulturane og religionane det same som høgnorsken er for dei norske dialektane. Høgnorsken fanst jamvel før Ivar Aasen si tid, med di han målber og berrlegg den underliggjande strukturen i alle dei norske målføri. Jamvel fyre nokon visste um honom eller hadde gjeve honom eit namn, so var han der.

– Det norrøne er vårt nedervde uttrykk for den universelle tradisjonen, um eg skal halda fram å nytta meg av Guenon. Jamvel moderne menneske kann fordjupa seg i det norrøne og nytta dette tilfanget til å utforska nye sidor ved seg sjølv. Soleides hev eg tru på ei revitalisering av den norrøne tradisjonen. Nett som indarane hev sanskrit og italienarane hev latin, so er me nordbuane mellom dei fåe folki i verdi som hev vår eigen klassiske språk- og skrifttradisjon. Det er ikkje so altfor lenge sidan me hadde lands-gymnas på Voss med norrønalina, og det er det på høg tid å få attende.

Et politisk landskap i endring

– Samfundet vert meir og meir individualisert, men stødt fleire vaknar upp og ser at det er dette dei ikkje ynskjer. Innvandringi til Noreg er rekordstor, og Noreg vert sosialt og demografisk umdana i rasande fart. Eg hev tala med mange ungdomar både i Noreg og Europa som hev vokse upp som dei einaste norske eller europeiske i klassen. Dei hev sett mangkulturen si myrke baksida og vil ikkje ha det.

– Dei hev sett at i det liberale samfundet er det berre me som tilhøyrer «majoritet-kulturen» (kor lenge enno?) som brått ikkje hev nokon stad å høyra til lenger. Sams for



Ivar Aasen

dei er at dei kjenner på eit sagn, og det er ikkje eit reaksjonært sagn etter Noreg slik det var då slike som oss voks upp på åttitalet – for eit slikt Noreg hev dei aldri opplevd.

– Eit norskt Noreg er for desse ungdomane snarare ein myte som dei vil vekkja til nytt liv. Soleides vert heile den norske saga, frå Harald Hårfagre til Einar Gerhardsen, ei kraftkjelda som me kann ausa or.

– Noreg stend dimed ved eit vegskilje, og utfallet er ikkje gjeve. Ein kann tenkja seg at den sosiale tilskeivingi fører til at nordmenn vaknar upp og tek til å verta meir solidariske. Eller ein kann tenkja seg at det berre held fram som i USA, der dei som er ressurssterke tenkjer at det beste er å tegja stilt av umsyn til arbeid og umdøme, og der dei i staden nyttar pengane frå det godt betala arbeidet sitt til å flytja ut i eit framleis norskt grannelag. So er det dei arme og utslegne som vert sitjande att åleine i sosiale brennpunkt, og der det berre vert fordømt som hat og rasisme når desse syng ut med det nebbet dei hev.

Den norske «vinstresida» av i dag er heilt på lina med USA-imperialismen og den globale kapitalismen. Soleides hev dei parkert seg sjølv som ei politisk kraft. Dei einaste som byd globalismen motstand er nasjonalistane, og dette er det stødt fleire som forstår – jamvel langt ute på ytste vinstre fløy.

Tanker om idealsamfunnet

1. Eit fritt Noreg i eit fritt Europa. Nynorsk kjem framleis til å vera sidemål for dei fleste, men berre av di det er høgnorsk skal vera hovudmålet for alle. Me skal atter-

reisa ein kultur i ordet sin rette forstand. Det heiter at me vil dyrka fram det sterke og vene, det sunne og gode – i staden for å hjelpa fram alle slags nedbrytande tendensar i namnet åt «mangfeldet».

2. Det skal atter vera mogleg for ein familie å liva av ei inntekt, og staten kann helder premiera familiar for å få born – framfor å ausa ut milliardar av kronor på ei masseinnvandring som det vert påstått at me «treng».

3. Arbeidsdagen er redusert til seks timar: Dugnadsinnsats og hjelp frå familie og vener gjer det mogleg for folk å bruka mindre pengar, og soleides treng dei helder ikkje å arbeida so mykje.

4. Folk hev samanhengar og strukturar dei kann gå inn i for å verta politiske aktørar i kvardagen – framfor å putta ein valsetel i ei urna kvart fjerde år.

5. Noreg er kløyvt upp i sjølvstendige regionar med umfemnande lokalt sjølvstyre, og samstundes hev Noreg sams forsvars- og utanrikspolitikk med Sverige. Kampfly kjøper me frå svenskane og ikkje frå amerikanarane.

6. Europa er ei sjølvstendig blokk i verdi, der korkje USA eller Russland hev meir dei skulde ha sagt enn det me gjev dei lov til.

7. Soros, Merkel og Solberg deler den same flotte utsikti yver Nord-Atlanteren, sett frå Bjørnøya.

Intervjuet vart fyrste gongen publisert på olepetergalaasen.wordpress.com.

2002: Vellukka årsmøte i Vestlandske Mållag



Optimistiske høgnorsk-ungdomar, tidlegt på 2000-talet.

I bakgrunnen ser ein det sogeumspunne fjellet Hornelen.

F.v.: Olav Torheim, Lars Bjarne Marøy, Leif Arne Storset, Kjetil Aasen.

I år vart årsmøtet i Vestlandske Mållag skipa til i den naturfagre bygdi Borkne i Bremanger i Nordfjord. Møtedagen var sett til laurdag 29. juni.

Aktivistar frå Volda og Ørsta Målungdom var millom deim som stod for dei praktiske sidone av tilskipingi. Huslyden Torheim hev ein sers stor gard som kunde hysa alle sendemennene. Sume sendemenn valde like vel å taka turen inn til idylliske Rugsund og yvernatta på Rugsund handelsstad, ein restaurert handelsstad frå 1600-talet. Naturi gav godt grunnlag for foturar, og sendemennene fekk høve til fleire småut ferder innimillom programmet.

Årsmøtet i Vestlandske Mållag var det fyrste på mange år som vart skipa for seg sjølv. I mange år hev skikken vore at det hev vore samårsmøte millom Ivar Aasen-sambandet og Vestlandske Mållag, noko som hev skapt uklære organisatoriske råmor. I år syntet det seg råd å få samla folk til årsmøte på tvo stader. Det syner at det er større vilje attum å driva aktivt målarbeid no enn fyrr.

Årsmøtet var merkt av mange gode innspel og av at unge og tiltaksame høgnorskfolk var samla. Møtelyden vart påminna den hugheile oppstarten åt norskdomspionerane gjennom framføringi hans Thoralf Bergwitz av «Fyrigannsmennene»:

“Dei var med og streid for å løysa dei band som magtstal vårt folk i ein syrgjelig bolk av vår soge. ... men enno me ikkje vårt mål heve nådd, det er langt fram til hausting av det som er sådd.”

Etter ordskifti å døma, skorta det korkje på glød eller vilje til å føra vidare verket som pionerane hadde teke til på. Mil-lom emni som vart mest ordskifte, var å få eigne ordbøker og ordlistor på høgnorsk. Det vart kasta fram litt ulike planar, alt frå å få ei stor høgnorsk ordbok i tradisjonen etter Aasen, Ross og Schjøtt til einfelde ordlistor til bruk på data og mobiltelefonar. Ordskiftet munna ut i at det vart sett ned ei nemnd som hev til oppgåva å greida ut på kva måte det er råd å få laga til ei høgnorsk ordlista og ei ordbok. Med i nemndi kom Sergej Alexander Munkvold, Leif Arne Storset, Olav Torheim, Klaus Johan Myrvoll og Lars Toralf Storstrand. Nemndi skal leggja fram ei utgreiding um desse spursmáli på

næste årsmøte.

Det vart nemnt at no må det koma i gang skriveskeid for ungdom. Vestlandske Mållag vart oppmoda um å gjera sitt til at det vert halde slike skriveskeid. Det er mange ungdomar som ynskjer å læra seg å skriva høgnorsk, og det er ei yvercomeleg oppgåva å få skipa til i alle fall eitt skriveskeid i arbeidsbolken.

Elles vart mange gode tiltak tekne upp til dryfting. Det er oppgåvor nog å taka tak i. Kva med høgnorsk tekst på mobiltelefonar? Eller i-målstekst på ferdagreidone (samferdslemiddeli) i høgnorskbygder? Dessutan stend det att mykje arbeid for å få eit nynorskt hermål. Det er knappast nokon som nyttar nynorsk i heren; her gjeng kommandoane fyre seg på stivt bokmål. Me hev fenge ei uppattnya Målsoga, og det må vera eit godt grunnlag for studieringar, vart det hevda.

Sist, men ikkje minst, er det verdt å gjeva gaum på at samnorskparagrafen i Lov um Norsk språkråd hev vorte teken burt av riksmaktene. I den samanhengen tok årsmøtet ved ei fråsegn um statleg målbruk. Det er på tide at staten fylgjer upp attendegangen for samnorsken og nyttar god og sermerkt nynorsk.

Alt i alt var det eit godt årsmøte so peika frametter. Sendemennene kunde kosa seg med fersk fisk til årsmøtemiddagar både laurdagen og sundagen. Ei stor takk må rettast til Henny og Per Torheim som var eit framifrå vertskap.

Artikkelen stod på prent i Målmannen nr 1 2002, den aller fyrste utgåva av bladet.



Fjelltur i Skaret, eit lite avbrekk frå ålvorstunge årsmøteformalitetar.

F.v.: Olav Torheim, Inga Gjerstad, Håvard Tangen, Kjetil Aasen.

Nasjonaldemokratisk rock'n'roll i Rheinland-Pfalz


Av Olav Torheim

Det nasjonaldemokratiske partiet i Tyskland, NPD, hev tradisjonelt stade mykje sterkare i Aust-Tyskland enn i Vest-Tyskland, men jamvel i vest er den nasjonaldemokratiske rørsla i vokster. Ein av stadene der NPD hev makta implanter seg, er i Rheinland-Pfalz. Målmannen hev vore til stades på NPD-Pfalztreffen, den 13. oktober 2012, ei skifterik tilskipping med både politisk og musikalsk program.

NPD er eit opposisjonsparti i ordet si rette tyding. Dei hev alle andre etablerte parti imot seg, og styresmaktene hev byråkratar og juristar som arbeider fulltid med å leggja so mange kjeppar i hjuli for dei som råd er. NPD-Pfalztreffen i oktober 2012 var ikkje noko undantak frå dette. Styresmaktene i Pirmasens vilde fyrst forby heile tilskippingi, med di dei meinte at det var ei kommersiell og ikkje ei politisk tilskipping. Påskotet for denne tolkingi var at det under tilskippingi kom til å verta sal av klede, musikk og andre sakssvarande effektar. Etter at NPD fekk medhald i forvaltningsretten på at partitilskippingi faktisk var politisk, so svara styresmaktene med å leggja konserten til eit skogholt. Endå um tilskippingi var meld inn som ein familiefest, vart det likevel lagt ned forbod mot at born under 14 år skulde vera til stades. Og um ikkje dette var nok: Endå det ikkje lenger var born til stades, laut tilskippingi vera alkoholfri. Det var soleides duka for noko so utysk som ein fest utan ølservering.

Ei framgangsrik nasjonal rørsla

Markus Walter, bystyreprerentant for NPD i



Dr. Olav Torheim frå Noreg talar.



Die Lunikoff Verschwörung rockar...

Pirmasens, var fyrste talar ut på Pfalztreffen. Han greidde ut um framgangane åt NPD i Rheinland-Pfalz dei seinaste åri. Når NPD kann bjoda inn til Pfalz-treff for fjerde året på rad, er det eit resultat av langvarande og trotugt arbeid. I motsetnad til andre parti, so er NPD til stades, ikkje berre i bystyre og kommunestyre, men ute på gata - og inne i kvardagen til vanlege tyske slitarar. I Pirmasens hev medhaldsmennene frå NPD engasjert seg i sosiale åtgjerder av ymist slag, og der husprosjekti er dei som framfor alt er verde å draga fram.

Tvo store eigedomar hev NPD makta å få hand i:

Det eine huset er i sentrum av Pirmasens, og tener både til partikontor og til husvære for partimedlemmer som slær tvo flugor i ein smekk med å bu rimelegt og svara husleiga til NPD. På partikontoret kann vanlege borgarar koma innum og få hjelp og rådgjeving med problem som dei skulde ha i kvardagen, til dømes juridisk rådgjeving.

Det andre huset er eit tidlegare gjestehus som NPD hev gjort um til partiheim og kultursentrum, "Haus der Demokratie". I partiheimen vert det skipa til konferansar, samtalegrupper, festar og konsertar. For tidi er "Haus der Demokratie" vorte stengt av di styresmaktene hev nytta smart jus til å koma fram til at huset ikkje er "brannikkert" nok, men dette kjem det til å verta ei råd med.

Ricarda Riefling, sentralstyremedlem i NPD og familiepolitisk talskvinne, var neste talar ut. Ricarda Riefling er firebarnsmor, og er uppteki av at småbarnsfamiliar lyt få betre rådevilkår. Det er viktugt å gjera noko med den låge tyske fødselsrata, som ligg langt under reproduksjonsnivå. "Volkstod stoppen", som NPD-sympatisørar plar segja. Riefling vil dessutan poengtera at NPD er det einaste partiet som er nådelause mot barneskjendarar

(pedofile). Det gjeng ei grense for kven det er som treng å få ein ny sjanse. Vaksne folk som gjeng lause på småe born bør aldri meir få sleppa ut att i samfundet!

Gjestetalar frå utlandet var Dr. Olav Torheim frå Noreg. Torheim byrja med å syna til tala åt Markus Walter og alt det gode arbeidet som den nasjonaldemokratiske rørsla hadde gjort i Tyskland. Han synte vidare til det faktum at det er eit ovstort gap millom det som er røyndomen og det som er media si framstilling av nasjonalistar flest. I motsetnad til det som politisk korrekte media vil ha oss til å tru, so set ikkje nasjonalistar grupper i samfundet opp mot einannan, for dei ynskjer eit hopehav, eit folkehopehav fylt av einskap, rettvis og fridom. Nasjonalistane er dessutan dei einaste som er i stand til å respektera andre folkegrupper, av di dei sjølve veit kva det vil segja å vera eit folk og å ha ein stad å høyra til.



Politiet passar på.

Lunikoff rockar Rheinland-Pfalz

Etter at Torheim hadde avslutta si tala, var det tid for konsert. Heile tri grupper skulde spela. Fyrste gruppa ute var Infestus frå Baden-Württemberg. Dei er ei tollegst fersk gruppa, som framfører med endeframme patriotiske tekster og greide akkordar. Litt meir fres var det i Legion Condor, frå Baden-Württemberg dei med, som i fjor var ute med plata "Puppenspiel". For alle som likar kjapp og greid gatepunk med tekster som er rett på sak og rett i trynet på alle meiningsmotstandarar, so var Legion Condor alt eit høgdepunkt. Songar i Legion Condor kunde elles tala svensk, og tok

like godt fyrst som sist og tinga Målmannen.

Den gruppa som alle til slutt venta på, og som verkelegt kom til å rocka Rheinland-Pfalz denne kvelden, det var Die Lunikoff Verschwörung (Lunikoff-samansverjingi, der Lunikoff er namnet på eit vodka-merke frå DDR). Lunikoff, det er rock, det er patriotisme, det er humor, det er sprett og sprell, og alt i ein uslæleg miks. Denne gruppa hev vore aktiv i den eine og den andre formi sidan 1980-talet, og dei kunde soleides bjoda på eine godbiten etter hin, anten det var "Lenker der Schlachten" eller "Deutscher Sturm". Alle som hev sett Lunikoff stå på speltilet sluttar

straks undra seg kvi denne gruppa er den mest populære og mest myteumspanne "recht-rock"-gruppa Tyskland hev sett. Aldri hev eg upplivd so god stemning på ei alkoholfri tilskipping som med Lunikoff denne kvelden!

Politiuppbodet var stort und heile tilskippingi, men provokatorar heldt seg langt burte, og NPD-sympatisørane var som vanlegt rolege og disiplinerte. Og mot slutten av kvelden kunde ein jamvel observera politivaktene trippa takti til Lunikoff-låtmaterialet...

Artikkelen er ein tidlegare upublisert rapportasje frå 2012.

Festival Boreal: Musikk og politikk i Nord-Italia

Av Olav Torheim

12.-14 september 2013 var eit tusundtals europeiske ungdomar samla til ein festival i Nord-Italia med både politisk og musikalsk program – Festival Boreal.

Startskotet for Festival Boreal gjekk året fyreåt, i Ungarn. Den store tjodlynde festivalen Magyar hadde i årevis drege til seg stødt fleire ungdomar frå heile Vest-Europa, og sumaren 2012 vart det difor skipa til eit eige internasjonalt program for dei utanlandske gjestene, millom anna med ein europeisk rundebordskonferanse. Konferansen vart avslutta med ei fråsegn um at arbeidet for tradisjonelle verdiar heldt fram, og at Festival Boreal skulde verta ei årviss tilskipping. Stafettpinnen for festivalen vart i fyrste umgang gjeven vidare til Forza Nuova frå Italia (sjå Målmannen nr 3 2012).

Medan Magyar Sziget fyrst og fremst hev vore ein kulturfestival med eit stort spekter av ulike hendingar, lagde Festival Boreal i Italia mest vinn på dagsaktuelle politiske emne kringum i Europa. Programmet var kløyvt upp i ulike slags seminar der det var målsmenner frå kvart sitt land som hadde fyredrag og leiddede ordskiftet.

Festivalen hadde elles eit skifterikt musikalsk program, der det kvar kveld skulde vera nye grupper som stod på scenen. Dei mest populære var utan tvil italienske Legittima Offesa og ungarske Radical Hungary.

Festivalen vart skipa til på ein barneskule i byen Cantu i Lombardia, og det var ingen ringare enn borgarmeisteren sjølv som opna festivalen. Borgarmeisteren slo fast at Forza Nuova ikkje var for nokor utgruppa å rekna, men snarare eit parti som hadde sin rettkomme plass i italiensk politikk. Dinæst gjekk mikrofonen vidare til partileidar Roberto Fiore, som ynskte dei frammøtte velkomne.



Svenske "Waffen Wåfflor" varmar upp for Legittima Offesa.

Kamp mot homoekteskap i Frankrike

Fyrst ute med eige seminar var franskmennene, der Thibault de Chassey frå katolske Renouveau Francais kunde fortelja um dei store protestane mot homofile ekteskap. I Frankrike hev sekularismen lenge rådd grunnen, men då det sosialistiske riksstyret gjorde vedtak um å pressa igjennom ei kynsnøytral ekteskapslov lik den me sjølve fekk i Noreg i 2005, so er det likt til at dei trakka på ein stad det gjorde rettelegt låkt – og det på tvers av alle vanlege, politiske skiljelinor. Framlegget um kynsnøytral ekteskapslov vart presentert som «Mariage pour tous» (ekteskap for alle), men franskmennene hev svara med å gå mann av huse til «Manif pour tous» (protestdemonstrasjon for alle). Våren 2013 kom det soleides til ei bylgja av massedemonstrasjonar. I Paris var so mange som 2 millionar menneske ute i gatone og demonstrerte. Alt frå unge medhaldsmenner til pensjonistar og småbarnsforeldre med barnevogn var med i dei frededelege protestane, men likevel svara politiet i fleire høve med batongar og fåregass.

Endå so store protestane var, so vilde ikkje styresmaktene høyra på folket. Men det er lov å vona at det som hev hendt hev fenge fleire til å stella spursmål ved heile det rådande politiske systemet, hevda Thibault de Chassey. Sterke krefter arbeider med å driva fram ei globalisering som skal gjera oss alle til rotlause forbrukarar der korkje kyn eller etnisk tilhørslra lenger skal spela nokor rolla. Nasjonalistar arbeider for retten til å ha ein identitet som er fastrøtt i noko handfast, og kampen mot homoekteskap er soleides viktugare enn mange vil tru. Det gjeld å halda denne saki varm og å føra henne vidare til ein kamp mot globaliseringi, avslutta han.

Rapport frå Syria

Borgarkrigen i Syria var eit anna emne som vart teke upp til dryfting. Utsendingar frå italienske Forza Nuova hadde nylegt vore til Syria med eigne sendemenner. Sendemennene var reiste både for å gjeva handfast hjelp til sivilfolkesetnaden og for å kunna gjera seg upp si eigi meining um stoda i landet. Det dei hadde sett hadde gjort dei opprådde: Det

meste av den sokalla «opposisjonen» i Syria er inkje anna enn ytterleggående sunni-islamistar, stutte frå Saudia-Arabia og Qatar, og dei hev fare fram med med ein slik brutalitet mot annleis truande og tenkjande at alle flestalle minoritetsgruppone i landet hev flokka seg um det sitjande regimet.

Dei italienske Syria-sendemennene var soleides sterkt imot noko vestlegt inngrep til studnad for den sokalla opposisjonen. Same kva ein skulde meina um Assad-regimet, so er det Assad som hev vore garantisten for at dei kristne i Syria hev kunna liva trygt, vart det slege fast. Han hev stade for ein arabisk nasjonalisme som hev vore samlande for alle dei etniske gruppone, og staten hev havt ein sekulær profil som hev halde dei islamistiske kreftene i sjakk.

I ordskitet som fylgde vart det poengtert at då USA invaderte Irak, freista dei å reinska burt maktstrukturane åt det gamle regimet, men fylgja av det heile vart berre kaos og ein ny flyktingstraum av minoritetsgruppur ut or landet. Det er berre tragisk um det same skulde henda endå ein gong. Røynslone frå Irak og Afghanistan burde tvert imot ha synt at vestlegt demokrati ikkje er noko som kann tvingast på folk som ikkje vil ha det, vart det sagt.

Vitjing frå Storbritannia

Frå Storbritannia kom ingen ringare enn Nick Griffin, EU-parlamentarikar og leidar for British National Party, BNP. I Storbritannia er det britiske valsysteemet laga slik at det er mest uråd for småparti å koma inn i parlamentet (prinsippet um at «the winner takes it all» i kvar valkrins). Våren 2009 skulde BNP kor som er få ein ny plattform å stå på, med di dei sigla inn i EU-parlamentet med heile tvo mandat. Dette var ei hending som den gongen slo



Ungdomar frå heile Europa er samla til fyredrag og ordskitte.

ned som ei bomba i den britiske ålmenta.

Det var fyrst og fremst kritikk av styresmaktene sin innvandringspolitikk som hadde gjeve BNP den store oppslutnaden for fire år sidan, men sidan den gongen hev partiet vore igjennom mykje indre strid og mist mykje av oppslutnaden sin. Det er soleides sers uvisst um dei kjem til å makta halda på mandatet sitt i EU-parlamentet.

Det var mang ein tilhøyrar som var undren på um tidi i EU-parlamentet hadde gjort Griffin meir avslipt eller meir radikal. Det var kor som er ein radikal Griffin som gjekk på talarstolen, og det som Griffin kunde fortelja um saki var sers interessant for tilhøyrarane på festivalen. For Griffin kunde fortelja at ikkje lenge etter brakvalet til EU-parlamentet i 2009 so hadde partiet vorte kontakta av personar som Griffin skyna var målsmenner for mektige krefter innanfor pengestell og kul-

turliv. Desse personane tok til ords for eit samarbeid med BNP i kampen mot fundamentalistisk islam. Um BNP vilde vera med på dette, skulde dei hjelpe partiet med å få endå større oppslutnad.

Griffin hadde svara dei at samarbeid kunde vera vel og bra det, men det laut verta eit røynlegt samarbeid. Det var i alle fall ikkje aktuelt at BNP skulde verta eit verkty for andre i kampen mot islamismen, og det medan resten av åtaki mot den nedervde britiske kulturen heldt fram. Det måtte vera ein «real deal» som Griffin sa det, som inkluderte eit oppgjer med heile liberalismen, med Frankfurterskulen og den kulturelle marxismen. Var dei viljuge til dette, so stod dori opi, meinte Griffin.

Svaret på det heile var kor som er at kontakten med BNP vart avbroten tvert, og det var frå denne augneblinken av at alle problemene for BNP tok til, med intrigar, pengekviv og andre interne flokar. Griffin var ikkje i tvil um kven som stod attum: -Mot desse globalistiske kreftene kjem det ikkje til å verta noko kompromiss. Anten vinn dei, eller so vinn me, avslutta han i eit innlegg som hausta stor fagning millom tilhøyrarane.

Snøballen rullar vidare

Med den vellukka helgi i Italia attum seg kann ein slå fast at Festival Boreal er vorten skipa til for andre gongen på rad. Neste år er planen at festivalen vert skipa til i eit nytt europeisk land. Gruppur på yste vinstrevengen hadde varsla protestar mot festivalen, men dette såg ein ingenting til. Festival Boreal ser ut til å ha kome for å verta verande.

Artikkelen er ein tidlegare upublisert rapportasje frå 2013.



Ytringsfridomen er under press i Europa, og den franske solidaritetsorganisasjonen C.L.A.N. gjorde folk merksame på dette.

-Kvifor eg skriv


Av Alex Kurtagic

Den britiske skribenten Alex Kurtagic hev tidlegare skrive den dystopiske framtidsromanen «Mister», og i artikkelen «Kvifor eg skriv» kjem han med ei grunningjeving for skribentverksemd i si som i mangt kann verka vel so dystopisk. Poenget hans burde likevel ikkje vera so vanskelegt å taka: Den største ressursen eit land hev, det er folket som bur i dette landet. Skifter ein ut folket i eit land, so stend ein samstundes i fære for å skifta ut heile kulturgrunnlaget for dette landet. Alex Kurtagic ynskjer ikkje dette.

Eg skriv sidan framtidi ikkje lenger er det ho pla vera.

Eg veit, av di eg hev livd i henne. Foreldri mine hadde jobbar yver havet på 1970- og tidleg på 1980-talet, og eg budde difor mykje av barndomstidi og den tidlege ungdomen min i Latin-Amerika. Venezuelanske skular – i alle fall på den tidi – lærde studentane sine at folket i landet var etnisk mangfelt, frå kvit til svart, med åtte fargetonar i millom. Skulebøkene slo fast at desse ti nyansane i hudfarge – kvar av dei med eit eige namn og definisjon – var resultatet av blandingssekteskap millom dei tri opphavlege folkeferdi: dei innfødde indianarane, dei spanske conquistadorane og dei svarte slavane. Utdanningssoga var ikkje verdiladd, men dei rådande tankane på grasroti hinta til at ein lauselegt verdsette folks sosial status etter dette hudfargekartet: dei kvite var på toppen og dei svarte på botnen. Ikkje yverraskande var dei kvite rike og i maktstellingar, medan millionar av dei myrketne var vesale og budde i slummen. Å vera bleik var umtykt millom kvinnor som vilde vera fine. Likevel, det var ingen openberr fiendskap millom rasar som låg i lufti, um ein ser burt frå ein og annan slengmerknad på leikeplassen: på utsida åt dei avstengde grannelagi fann ein det etniske mangfeldet yveralt i kvardagslivet, og det vart godteke som ei kjensgjerning.

For nokre år sidan vart det på moten i den vestlege mediaklassen å henta hugskot frå den venezuelske grannen, Brasil, ein såg på Brasil som eit paradigme på framtidi. Alt brasiliansk vart dinæst fremja som moro, fargerikt, sensuelt og eksotisk. Ynskjet um å ein dag «vitja Sør-Amerika» vart eit umtykt memetisk utfall hjå britiske kvinnor. Likevel, dette mildt sagt påpynta bilætet på det fleiretniske – bilætet på det tropiske paradiset, som Kuba, men med meir pengar – var fullstendig på tvers av den røyndi eg hadde upplivd tiår tidlegare, då tilhøvi var mykje betre enn dei er no. Det er eit tydelegt døme på falsk reklame: den fram-



*“Eg skriv sidan framtidi ikkje lenger er det ho pla vera.
Eg veit, av di eg hev livd i henne.”*

tidi som vert fyrebudd for oss av riksstyret, lærarkreftene og pressa er langt frå paradiset.

Å liva i framtidi gjer deg sers upprådd: du lyt halda ut med straumbrot jamt og trutt, og med voltstyrken gjeng det både upp og ned. Byråkratiet stend vedvarande stilt, med mindre du hev vener, skuldfolk elder pengar å stikka i dei naudsynnte nevene. Det du eig kann heile tidi råka ut for innbrot, ransmennar elder lommetjuvar, med mindre du held deg innanfor avstengde grannelag og vernar bilen og eigedomen din med alarmer, jarnstengjer, gitter, armerte dører og kombinasjonslåsar.

Ingenting verkar som det er tiltenkt: infrastrukturen er låk, utdatert, forfallen, øydelagd, vandalisert, burte, ikkje bygd enno elder heilt utelaten; pengane dine kverv millom nevene dine, dei vert offer for høg inflasjon elder hyperinflasjon: 90 % av medborgarane dine er vesale, riksstyret er so uskikka og so korrump at ein revolusjon og ein bolck med militærdiktatur – oftast med kommunistisk ideologi – alltid er rett rundt hyrna. Bur du i ein by og denne hev kollar rundt, so er desse dekte med slummar og brakkebyar.

Ein hang til å vera sløg, til å svindla og til å skofta – og eit etos av kortsiktig eigenkjærlege fyremoner – sigrar yver intelligens, ærlegdom, hardt arbeid og langsiktige fyremoner. Vegar er dårleg vedlikehaldne, sprokne, holute, dårleg upplyste (um dei er det), og ovfårlege, serskilt um notti: bilar er ofte brølande rustbyttor og førarane deira meir ufattelegt sjølv gode, barnslege og pågåande enn ein skulde tru; bilførarar som køyrer med vindaugo nede vert trulegt rana elder fær vassbombor kasta mot seg medan dei ventar på trafikkjosi. Det er hevdvunne at univer-

sitetsstudentar vert tekne på den fyrste studiedagen, då slær eldre medstudentar til med egg, måling, pryl og hårklypp. Militærenesta er alltid obligatorisk.

Arbeidskonfliktar i industrien fører til trugsmaal og bøllor som fylgjer etter sjefar på motorvegen, og dei rådande tankane er kor som helst at du er skuldig til dess det motsette er prova, ein lygnhals til dess det er prova at du er ærleg, ein døgenikt til dess du vert rekna for kunnig – og ein svindlar til dess du provar at du er ein mann med verkelege givnader og arbeidsvilje. Ein kann stytta framtidi ned til gjerandsløysa og dugløysa, der der middelmåtige hev sigra og knust og strypt kvalitetsmåli. Kvalitet varar einast nokre sekund fyre det vert stole elder rive sundt av ein menneskeleg marabunta [1] med flirande idiotar, umsutlause desperadoar elder ein gjeng småkriminelle.

Kvaliteten på ein nasjon vert til sjuande og sist avgjord av kva slags menneskeleg kapital han hev til rådvelde – i siste instans nasjonen sine institusjonar, styresett, næringsliv, moral og effektivitet. Og med kvart som demografien vår vert meir og meir lik den til den tridje verdi, so kjem det som eg nyss hev greidt ut um til å verta meir og meir vanlegt, det med. Heilt til dess at det ein dag hev vorti normi.

Eg ynskjer ikkje dette.

Likevel, eg er yvertydd av dei provi eg hev sett: Provi på ein langvarande nedgangsbolck hjå folkeslag av europeisk opphav. Eg ser prov på intellektuell svindel i moderne academia i saker som gjeld europeisk sogar og identitet. Eg ser prov på uærleg rapportering i

Framhald på siste sida...

Evolusjon og åtferd: Ein moderne klassikar kjem ut på svensk

Av Frodi Midjord

Det moderne kultur- og vitskapsordskiftet kann gje oss tokken av at "rasebiologi", som det vert kalla, det vitskapelege studiet av arvelege skilnader millom menneskerasar, er noko som høyrer fortidi til (her skal ein bita seg merkje i at dette einast gjeld menneskerasar, det er ikkje problematisk å sjå på raseskilnader innanfor dyreartar). Rasebiologi var noko som sjåvinistiske kolonimakter tok til seg i tidi fyre andre heimskrigen, og som sidan er vorte attendevist av moderne og upartisk vitskap. Ofte vert forskning av dette slaget jamvel avvist som rein pseudovitskap, i stil med astrologi.

Denne framstillingi hev ikkje rot i røyndomen. Forskingi um raseskilnader hev heile tidi halde fram og ho er vorti oppdatert i takt med den tekniske utviklingi - men med mindre publisitet enn fyrr. Det vitskapelege arbeidet hev i staden hendt innanfor spesialiserte felt. Det er fæe som hev freista laga nokon syntese frå dei seinaste røynti som ein kunde ha formidla til ålmenta - og soleides hev det vore fritt fram for rasefornektande, sosialantropologiske teoriar.


Difor er det eit kjærkome tilskot til det ålmenne ordskiftet når ei populærvitskapleg framstilling, skrivi av ein framstående forskar i feltet, no hev kome ut i svensk umsetjing: J. Philippe Rushton si bok "Ras, evolution och beteende", som fyrst kom ut i USA 1995.

Rushton disputerte i psykologi ved University of London 1973. Han arbeidde seinare ved University of Oxford og vart professor ved University of Western Ontario i Kanada. Den nemnde boki hev vorte ein moderne klassikar i sin genre og arbeidet hans Rushton hev fenge lovord frå høgskatta forskarar, so som Arthur Jensen (professor i psykologi ved University of California, Berkeley, og ein av verdens fremsta intelligensforskarar), Hans Eysenck (professor i psykologi ved King's College, London, og den den mest siterte psykologen i vitskapelege tidskrift då han døydde i 1997) - og mange fleire.

Teorien um r/K-utvalet: Økslingstakt sett opp mot omsorgsinvestering

Rushton sin teori er at dei tri menneskelege huvudrasane – svarte, kvite og orientalarar – hev kvar si evolusjonære livshistorie. Når rasane vart skilde geografisk, so råka dei ut for ulike slag evolusjonært trykk, og det førde til at dei utvikla kvar sine serdrag og åtferdsmynster.

Det var E. O. Wilson, biologiprofessor ved Harvard-universitetet, som fyrst presenterte teorien um r/K-utval. "I dette høvet stend



J. Philippe Rushton, UWO-professor, 1989.

r i Wilson-likningi for den naturlege økslingstakti (talet på avkom). K stend for den omsorgi som foreldri investerar for å sjå til at avkomi deira yverliver", skriv Rushton. Stutt fortalt so lagar vissa artar seg fleire avkom, men investerar relativt mindre i kvart avkom. Desse kallar ein då for "r-selekterte"; andre artar fær færre avkom, men investerar relativt meir i kvart avkom, og desse kallar ein for "K-selekterte".

Rushton tillempar denne teorien på relative skilnader i økslingsstrategi innanfor den menneskelege arten, det heiter millom menneskerasane (dessa skilnadene er nett relative – ein og same rase kann vera r-selektert i relasjon till ein viss rase, men K-selektert i høve til ein annan). Skilnadene i evolusjonær strategi leier jamvel til ålmenne skilnader i åtferdsmynster.

Den menneskelege arten uppstod for ca 200 000 år sidan i Afrika. Han kløyvde seg upp for fyrste gongen um lag 100 000 år seinare. Den gongen reiste forfedrane til dagsens kvite og orientalarar ut frå Afrika, medan forfedrane til dagsens svarte vart verande att. Den gruppa som reiste frå Afrika kløyvde seg sidan upp att for cirka 40 000 år sidan - når den eine gruppa tok seg til Europa og dei hine tok seg til Aust-Asia. Desse ulike kringværi stelde ulike krav til dei menneskelege gruppone, og dimed utvikla dei kvar sine serdrag og åtferdsmynster for å kunna yverliva. Dei som ikkje måta seg etter miljøet sitt døydde - og populasjonane vart

med tidi til ulike rasar.

I det afrikanske klimaet spreidde dødelege sjukdomar seg snøgt og afrikanarar døyr ofte unge. Difor er det ein fyremun for afrikanarar å få so mange avkom som råd er - og langsiktige investeringar er uvisse for kvart einskilt avkom. I Europa og Asia gjeld det snarare å yverliva dei kalde vintrane. Der er langsiktig planleggjing ein fyresetnad for å kunna yverliva (lagra mat, halda i hop familien for borni si skuld, få tak i varme klede og byggja trygge bustader). Det sistnemnde kravde ein større mental kapasitet og ein sterkare impuls kontroll. Afrikanarane utvikla soleides ein meir r-merkt økslingsstrategi, medan europearane og orientalarane utvikla ein etter måten meir K-merkt strategi (orientalane endå meir K-merkt enn dei kvite).

Di mindre avansert heilen er på eit dyr, di stuttare tid tek det fyre dyret når kynsmogen alder - og di fleire avkom fær det. Øysters hev umåteleg einfelde nervesystem og produserar 500 millionar egg kvart år, medan sjimpansar hev store heilar og føder ein unge kvart fjerde år. På same vis hev svarte ein heile som i snitt fyller 1267 cm³, medan kvite heilar fyller 1347 cm³ og orientalske heilar i snitt 1364 cm³. Dimed vert svarte tidlegare kynsmogne og tidlegare seksuelt aktive - jamført med kvite. Dei kvite er i neste umgang er tidlegare enn det orientalarar er.

Ved 11 års alder hev 60 prosent av svarte gutar nådd puberteten og tvo prosent hev alt havt sex. Kvite gutar når puberteten 1,5 år


seinare og orientalarar ligg eitt til tvo år etter kvite. "Talet på tvoegga tvillingar er mindre enn 4 per 1000 fødselar for orientalarar. Han er 8 for kvite, men for svarte er han 16 eller høgare", fortel Rushton. I snitt vert svarte dessutan fødte ei vika tidlegare enn kvite. Desse og andre faktorar knytte til barnefødselar gjer at ei gjennomsnittleg kvinna i USA kjem til å ha 14 etterkomarar - inklusive born, barneborn og oldeborn. Ei afrikansk kvinna kjem derimot til å ha 258!

Di meir samansett heilen er på eit dyr, di mindre ferdigutvikla er dyret ved fødselen. Når marekattar vert fødte so hev dei ein heile som fyller mest 100 prosent av den fullvaksne storleiken, medan menneske vert fødte med ein heile som er mindre enn 30 prosent av den fullvaksne storleiken. I den fyrste tidi etter fødselen hev marekattar og menneskeapar dessutan eit meir velfungerande sinn og ein betre motorikk enn det menneskelege reivungar hev. Tilsvarande skilnader finn ein millom menneskerasane med: "Afrikanske reivungar kann i sitjande stilling halda hovudet uppe og halda ryggen rak jamvel frå den fyrste dagen. Kvite reivungar treng ofte seks til åtte vikor innan dei klarar dette". Svarte born kann gå ved ein alder av 11 månader, kvite ved 12 og orientalarar ved 13 månader.

Skilnader i testosteronnivå og impuls-kontroll

Svarte hev jamvel høgare testosteronnivå enn kvite, som i neste umgang hev litt høgare nivå enn orientalarar. Dette verkar inn på serdrag som "sjølvuppfatning, aggressivitet, altruisme, brotsverkstendensar og seksualitet". Rasane skil seg dimed tydelegt i seksuell åtferd - svarte hev eit meir godtakande syn på sex og hev sex oftare enn kvite, som i neste umgang er meir godtakande enn orientalarar; og dette hev påverka utbreidnaden av seksuelt yverførde sjukdomar". I 1997 var syfilis-utbreidnaden millom svarte 44 gonger større per capita enn det han var millom kvite", rapporterar Rushton. I 1999 var 2 prosent av alle svarte afrikanarar i alderen 15-49 år vortne HIV-smitta. Millom kvite var det tilsvarande talet 0,4 prosent - og millom asiatar var det 0,05%.

Liknande mynster syner seg når det kjem til kriminalitet med: I USA tel svarte um lag 50 prosent av alle som vert pågripne for mishandel og mord - og 67 prosent av alle som vert tekne for ran, endå dei tel mindre enn 13 prosent av folkesetnaden. Av kvinner som vert pågripne for mord er 75 prosent svarte og 13 prosent kvite - og ingen asiatar! Dette fork-lårar Rushton med at svarte er meir aggressive - dei hev høgare testosteronnivå og lågare



impulskontroll enn kvite og orientalarar. Svarte hev ikkje den same evna til å halda attende drifter og dragnader, dei fokuserar på det som hender her og no. Dette finn ein att i heilestrukturen, der kvite hev større frontallob enn svarte - og det er frontalloben som vert nytta til sjølvkontroll og planlegging.

Når det gjeld sjølv-mord so ser ein kor som er det motsette mynsteret: Austasiatiske land hev um lag 15 sjølv-mord per 100.000 innbyggjarar, medan Europa hev 12 og afrikanske land hev 4.

Og so var det Bell-korgi då...

Meir velkjent i ålmenta er det faktum at rasane skil seg åt når det kjem til intelligens. Kvite hev eit IQ-gjennomsnitt på 100 og orientalarar hev 106. Svarte amerikanarar, som hev mykje av arvestoffet sitt frå kvite, hev 85 - medan svarte i Afrika hev 70. Det er verd å merka seg at dette er kraftige skilnader: Kvite som hev ein IQ på 70 (gjennomsnittet i Afrika) vert rekna som vanføre og er ofte heiletskadde. Desse skilnadene hev eit sterkt samband med dei skilnadene i heilestorleik som me alt hev vore inne på - og skilnadene i heilestorleik gjev faktisk svarte ein fyremun i sume idrottar. Sidan svarte kvinner føder born med mindre heile, so hev svarte smalare hofter enn kvite, og det gjer dei til betre lauparar.

Rådande fyrestellingar um rasar og åtferdsmynster er tufta på ideologi og ikkje på vitskap

Dei raslege variasjonane me nyss hev vore igjennom er berre nokre stikkprøvor frå den forskingi som Rushton tek fyre seg. Kor som er so held det til å kunna påvise eit tydelegt mynster for evolusjonær livssoga, der svarte og orientalarar er i kvar sin ende - med kvite ein stad imillom. Som eg parentesisk ymta um i innleidingi, so ser den rådande ideologien på menneski frå eit kreasjonistisk perspektiv - med ein avgrensa skapingsaugneblikk der evolusjonen stogga. Menneski vert rekna for å vera mystiske undantak frå heilt ålmenne biologiske prinsipp um naturlegt utval og kringvære-tilmåting.

Takk vere god finansiering og publisitet hev sosialantropologiske teoriar av dette slaget vorte dominerande innanfor samfundsvitskapane - og sjarlatanar som Stephen Jay Gould hev vorte sjølv-sagde referansar i akademiske arbeid. Kor som er, med tanke på det berget av empiriske prov for raseskilnader som Rushton legg fram, so er det snarare den sosialantropologiske teorien, der raseskilnader skal gjerast til reine fantasiprodukt, som er pseudovitskapleg.

Framhald frå sida 29...

massemedia i saker som gjeld etnisitet og innvandring. Eg ser prov på ein korrupt politisk elite som arbeider idugt imot interessene til folket dei vart valde til å vera talsmenner for. Provi på ei aukande sjølvhevdning hjå etnisk definerte grupper med rasistiske haldningar rette mot innfødde europearar. Eg er yvertydd av provi på at eit samanfall med den tredje verdi er det me gjeng mot i Europa, Nord-Amerika og andre stader.

Det eg hev sett tyder på at framtdi er so grim at det verkar helder dumt å uroa seg for å verta kalla utnamn i dag, når prisen for å ganga utanum er evigvarande gru i morgon. Kvar ei fyrebels sosial mistilpassing elder ulempa som fylgjer av det å ytra seg i dag kjem aldri til å vera so gale som det som kjem i morgon dersom me berre tegjer stilt. Ikkje berre av di det kjem til å vera ille, men av di vanstoda kjem til å verta endeleg og ikkje til å endra.

Det kann godt vera slik at det fullenda samanbrotet ikkje kjem fyrr etter eg er burte. **Endå det skulde taka so lang tid, endå det kjem til å påverka meg mykje mindre enn deim som kjem etter meg, so ynskjer eg ikkje å verta mint som ein ryggradslaus «vyrdeleg konservativ».** Ein som heldt munn og let det heile skje av di han var for redd for å verta kalla det eine elder det andre av veikingar, kriminelle, skrullingar elder dei eitrfylde hatarane av det europeiske mennesket som gjorde verdi til det ho er. Jamvel um me når det vinstrevridde dystopiaet – verdi frå Mister [2] – i mi livetid, so ynskjer eg å vera i stand til å segja til mine born og barneborn at eg gjorde alt eg kunde for å hindra det. Det treng vel ikkje um å verta sagt, men eg skulde helder ynskja eg slapp å gjeva dei nokre forklåringar i det heile – at eg helder skulde fortelja dei at me hadde ovstore strukturelle vanskar i epoken etter den andre heimskrigen, men at me tok hand um deim og at alt enda godt til slutt.

Det er underlegt for meg at so mange av mine europeiske skuldfolk ser ut til å bry seg so lite um den kulturen og sivilisasjonen som forfedrane nytta tusundtals år på å byggja upp. Kanskje er det av di dei tek honom for gjeven, av di dei er ukunnige, av di dei vantar kunnskap eller ikkje hev den rette utdanningi, av di dei er so upptekne av deira eigne småe syslar at dei ikkje ansar på kva som hender



ikring deim elder av di europeisk sivilisasjon hev vore so mektig i so lang tid at dei ikkje kann fyrestilla seg at han bryt saman og kverv burt? Sumtid er det sanneleg av di dei er redde: redde for å verta frosne ut, missa jobben elder livsverket – det er greidare å låst som den utrivelege røyndi dei bit seg merkje i elder høyrer um på onnor vis, at det ragnarokaktige framtidssynet som vert spådd av folk som oss, einast er dei vanvituge rangfyrestillingane som er mana fram av ein røyndomsfjerr utkantsklikk – at me alle er likeverdige, og at menneskje av alle slag berre treng like mengder mat og varme, og so kann dei skapa den same filosofien, musikken, vitenskapen, litteraturen og alt det andre som me hev fenge, like mykje og like godt.

Dette er underleg for meg, for det verkar helder openbert for nærsagt alle andre på Jordi at det europeiske mennesket hev skapa ein ovleg attråverdig sivilisasjon. Dei set større pris på det me hev enn mange europearar gjer. Dette er grunnen til at innvandrarar helder vil døy hjå oss enn venda attende heim, noko som so med ettertrykk er vorte klårt av dei millio-nane som set livet på spel, og finn seg i kvar ei audmjuking, kvart einaste år, for å vera i stand til å nå våre kystar og få ein bit av det europeiske Eldorado – her i Europa, i Nord-Amerika, i Australia og på New Zealand. Dei kann mest sannsynleg ikkje tru øyro sine, i det dei høyrer våre politikarar, akademikarar, mediafolk og liberalarar signa dygdene til multikulturalismen. Dei kann truleg ikkje tru kor tur dei hev, og samstundes ikkje tru kor dumme me er som gjev det heile burt so fritt og so lett – sjølv til det punktet at ein gjeng til åtak på, forfylgjer, påtalar, bøtelegg og kastar

i fengsel dei få som openlyst tek bladet frå munnen og kjem med motlegg.

Til liks med mange av mine samtidige, so hev eg funne meg sjølv livande i ei sjuk verd. Likevel er det lett å sjå at det er ei årsak og eit smittepunkt, og at i augeblinken, endå um smitta hev spreidd seg vidt og breidt, so kann sjukdomen framleis med hell verta heila: liberale utopistar, korrupte karrierejegerar, radikale etniske – er vortne kjende og lokaliserte. Endå um det å finna kuren kann krevja at ein granskar saki og at ein må setja av rikeleg av tid til arbeidet, mod og innsats, so er kuren innan rekkjevidda for intelligente sinn. Eg er kanskje ikkje i stand til å retta upp att helsa til den europeiske organismen åleina, men sidan naturi hev vore raus med meg, so kjenner eg at det er mi borgarplikt å leggja fram tilfang til dette arbeidet. Eg vonar at eg kann nytta skaparkrafti mi til å lata denne verdi etter meg i litt betre stand enn slik eg møtte henne.

Dette er grunnen til at eg skriv.

1. *Her* av maur, umsetjar sin merknad.
2. *Dystopisk roman* av forfattaren til artikkelen: *Mister* / Alex Kurtagic. – London : Iron Sky Publishing., 2009 – 552 s. ISBN ISBN 978-0-9561835-0-7 (ib.)

Sluttordet:

Truskap er ikkje å alltid gjera det same, men at alt ein gjer gjeng i den same stemneleidi .

Roland Helie